

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XI 235



JORDBRUKSSTATISTIKK 1955

Agricultural Statistics 1955

STATISTISK SENTRALBYRÅ
OSLO 1956

Noregs offisielle statistikk, rekke XI

Norway's Official Statistics, series XI

Rekkje XI

Prenta 1955

- Nr. 190 Økonomisk utsyn over året 1954 *Economic survey*
— 191 Folkemengdens bevegelse 1952 *Vital statistics and migration statistics*
— 192 Veterinervesenet 1952 *Service vétérinaire*
— 193 Alkoholstatistikk 1953 *Alcohol statistics*
— 194 Syketrygden 1952 *Assurance-maladie nationale*
— 195 Folkemengden i herreder og byer 1. januar 1954 *Population in rural districts and towns*
— 196 Sunnhetstilstanden og medisinalforholdene 1952 *Medical statistical report*
— 197 Norges bergverksdrift 1953 *Norway's mining industry*
— 198 Telegrafverket 1953—54 *Télégraphes et téléphones de l'Etat*
— 199 Skattestatistikk 1953—54 *Tax statistics*
— 200 Norges postverk 1954 *Statistique postale*
— 201 Forsikringsselskaper 1953 *Sociétés d'assurances*
— 202 Jordbruksstatistikk 1954 *Agricultural statistics*
— 203 Kommunenes gjeld og kontantbeholdning m. v. 1954 *Municipal debt and cash holdings etc.*
— 204 Norges handel 1953 Del I *Foreign trade of Norway Part I*
— 205 Norges fiskerier 1952 *Fisheries statistics of Norway*
— 206 Norges industri 1953 *Industrial production statistics*
— 207 Kriminalstatistikk 1953 *Criminal statistics*
— 208 Bankstatistikk 1953 *Banking statistics*
— 209 Norges elektrisitetsverker 1952 *Electricity plants*
— 210 Forbruket av trevirke på gården 1952/53 *Consumption of wood on farms*
— 211 Norges jernbaner 1951—52 *Chemins de fer norvégiens*
— 212 Statistisk årbok 1955 *Statistical yearbook of Norway*
— 213 Alkoholstatistikk 1954 *Alcohol statistics*
— 214 Simssykehusenes virksomhet 1953 *Hospitals for mental disease*
— 215 Norges handel 1953 Del II *Foreign trade of Norway Part II*
— 216 Norges kommunale finanser 1950/51 og 1951/52 *Municipal finances*

Rekkje XI

Prenta 1956

- Nr. 217 Økonomisk utsyn over året 1955 *Economic survey*
— 218 Meieribruk i Noreg 1953 *Norway's dairy industry*
— 219 Veitrafikkulykker 1951—1953 *Road traffic accidents*
— 220 Norges handel 1954 Del I *Foreign trade of Norway Part I*
— 221 Folketellingen 1. desember 1950 III Folkemengden etter hovedyrke i de enkelte kommuner og fylker *Population census December 1, 1950 III Population by principal occupation in the rural and town municipalities and counties*
— 222 Undervisningsstatistikk 1952—53 *Statistics on education*
— 223 Norges elektrisitetsverker 1953 *Electricity plants*



J O R D B R U K S S T A T I S T I K K
1955

Agricultural Statistics 1955

STATISTISK SENTRALBYRÅ
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY
OSLO 1956

Utkomen før:

Representativ landbrukstelling 1923 VII nr. 117.

Landbruksareal og husdyrhold 1924 VII nr. 153, 1925 VII nr. 183, 1926 VIII nr. 28, 1927 VIII nr. 39, 1928 VIII, nr. 77, 1930 VIII nr. 140, 1931 VIII nr. 166, 1932 VIII nr. 194, 1933 IX nr. 16, 1934 IX nr. 43, 1935 IX nr. 71, 1936 IX nr. 96.

Jordbruksstatistikk 1937 IX nr. 132, 1938 IX nr. 159, 1939—1944 X nr. 99, 1945 X nr. 117, 1946 X nr. 148, 1947 X nr. 161, 1948 X nr. 195, 1949 XI nr. 44, 1950 XI nr. 69, 1951 XI nr. 108, 1952 XI nr. 127, 1953 XI nr. 176, 1954 XI nr. 202.

Jordbrukstellingen i Norge 1949:

Første hefte. Arealet, husdyrhodet m. v. XI nr. 40.

Annet » Eiendomsforholdene, arbeidsstyrken m. v. XI nr. 71.

Tredje » De naturlige jordbruksområder XI nr. 87.

Fjerde » Oversikt XI nr. 103.

Også i 1907, 1917, 1929 og 1939 var det særskilde jordbruksteljingar. Oppgåver over husdyrhald, utsæde m. m. vart henta inn saman med folketeljingane i 1835, 1845, 1855, 1865, 1875, 1890 og 1900. Ein viser også til Beretninger om amternes økonomiske tilstand (1827—1920).

Av statistiske publikasjonar som gjeld jordbruket, kan ein elles nemna meieristatistikken (årleg frå 1925) og veterinærstatistikken (årleg frå 1889) og av særskilde etterrøknader:

Husdyrbruket. Produksjon 1927/28 VIII nr. 98.

» » 1946/47 XI nr. 24.

Svineholdet 3. april 1934 og 1933 IX nr. 38.

Pelsdyrtellingen 1. september 1934 IX nr. 65.

» » 1936 IX nr. 115.

» » 1946 X nr. 151.

Beitetellingen 1935 IX nr. 110.

Bureising med statsstøtte 1921—1936 X nr. 1.

Gårdbrukernes og småbruukernes formue og gjeld 1932/33 IX nr. 18.

Bøndenes bruttoformue og gjeld 1940, 1944 og 1946 X nr. 183.

Føreord

Dette heftet inneheld resultata frå ei representativ jordbrukssteljing pr. 20. juni 1955. I Statistiske meldinger 1955, nr. 12, gav Byrået ei førebels melding om desse resultata. Omframt oppgåver over areal og husdyrhald, vart det òg henta inn oppgåver over husdyrproduksjonen. I dette heftet vil ein elles finna opplysningar om avkastninga i jord- og hagebruket, prisar på produkt og produksjonsmiddel m. m. Ein finn dessutan eit oversyn over verksemda til Jordskifteverket og fjøsrekneskapslaga. Her finn ein òg resultata av ei serskild fruktsteljing hausten 1955 i 60 herad, der det vart dyrka sers mykje frukt for sal.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 8. juni 1956.

Petter Jakob Bjerve.

Paul Barca.

Innhold

	Side
Oversyn.	
Det statistiske materialet	7
Areala	7
Utsæde pr. dekar	12
Maskinar og reiskapar	12
Jordskifte	13
Avlinga, jordbruket og hagebruket	13
Bruken av kunstgjødsel og kraftfør	22
Husdyrhaldet	25
Fjøskontrollen	31
Husdyrprodukta	31
Lønene i jordbruket 1955—56	45
Prisar på landbruksprodukt, produksjonsmiddel m. m.	49
Frukttretteljing 1955	62
Tabellar.	
I. Jordbruksarealet 1955. Dekar	72
II. Husdyrhaldet pr. 20. juni 1955	74
III. Avlinga i jordbruket 1955	76
IV. Avlinga i hagebruket 1955	81
V. Utsæde, avl, innførsel m. m. av korn og poteter	84
VI. Jordskifte 1859—1954	86
VII. Oppgåver fra fjøskontroll-laga 1905—1954	87
VIII. Lønene i jordbruket. Menn	88
IX. Lønene i jordbruket. Kvinner	90
X. Lønene i jordbruket 1955—56 jamførde med 1954—55 og 1938—39	92
Vedlegg.	
Rundskriv og skjema	93

Contents

	Page
General survey.	
The statistical material	7
Area	7
Seed per decare	12
Machinery and equipment	12
Redistribution of intermixed holdings	13
Crop, agriculture and horticulture	13
Use of commercial fertilizers and feedstuff.....	22
Number of domestic animals	25
Dairy accounting units	31
Livestock products	31
Wages in agriculture 1955—56	45
Prices for agricultural products, producer goods, etc.	49
Census of fruit trees 1955	62
Tables.	
I. Agricultural area in 1955. Decares	72
II. Number of domestic animals, June 20, 1955	74
III. Agricultural production in 1955	76
IV. Horticultural production in 1955	81
V. Seed sown, production, imports, a.s.o. of grains and potatoes	84
VI. Redistribution of intermixed holdings 1859—1954	86
VII. Dairy accounting units 1905—1954	87
VIII. Wages in agriculture. Men	88
IX. Wages in agriculture. Women	90
X. Wages in agriculture 1955—56 compared with 1954—55 and 1938—39	92
Appendices.	
Circulars and questionaries	93

Oversyn

Det statistiske materialet.

Den representative jordbrukssteljinga pr. 20. juni 1955 er gjennomført på same måten som i åra 1946—1948 og 1950—1954. Teljinga skulle femna over ca. 10 prosent av bruken med over 5 dekar jordbruksareal. I utvalet var alle herad og bruksklassar representerte i høve til talet på bruk, men med tilfelleleg utval innan kvar bruksklasse.

I 1946—1948 var det den fullstendige jordbrukssteljinga i 1939 som låg til grunn for utvalet av representative bruk. For 1950 og dei seinare år er det teljinga i 1949 som ligg til grunn for utvalet. Sjå elles «Jordbruksstatistikk 1950».

Utrekningane for 1955 byggjer på oppgåver fra 21 700 bruk. Dette svarar til 10,17 prosent av alle bruken med over 5 dekar jordbruksareal i 1949. Jordbruksarealet ved dei bruken som var med i teljinga, var 1 038 000 dekar i 1949. Det svarar til 10,12 prosent av jordbruksarealet ved alle bruk med over 5 dekar jordbruksareal.

Bruken mellom 20 og 50 dekar er etter måten litt sterkare representerte enn dei andre bruksgruppene. Brukstalet i denne storleiksgruppa svarar til 10,7 prosent av alle bruken mellom 20 og 50 dekar i 1949. Gruppa over 100 dekar er representert med relativt færrest bruk, 9,7 prosent. Litt skilnad er det òg mellom dei einskilde fylke med omsyn til representasjonen. I fylka i Nord-Noreg femnar teljinga over 9,0—9,6 prosent av bruken. Elles er det berre Akershus og Nord-Trøndelag som har mindre enn 10 prosent med i teljinga.

På grunnlag av dei prosentvise brigde i areal og husdyrhald frå 1949 til 1955 ved dei bruken som er med i teljinga, har ein rekna ut arealet og talet på husdyr i dei einskilde fylke. Jeløy er rekna saman med bygdene i Østfold, og Aker er rekna med i Akershus.

Skjema og rettleiing for teljinga er prenta som vedlegg attarst i boka.

Areala.

Tabell 1 gjev eit oversyn over åker- og hagearealet.

Tabell 1. Åker- og hagearealet. Bygdene i alt.

	Korn og erter	Poteter	Rot- vokstrar	Grøn- saker	Annan åker og hage	Åker og hage i alt
a) Dekar.						
1939.....	1 836 741	506 927	225 434	52 787	323 779	2 945 668
1949.....	1 520 089	582 410	154 379	43 012	401 123	2 701 013
1950.....	1 567 693	589 605	166 080	47 572	346 808	2 717 758
1951.....	1 613 629	585 166	165 797	52 526	365 395	2 782 513
1952.....	1 688 710	579 473	164 783	62 328	361 894	2 857 188
1953.....	1 744 361	561 483	173 268	64 467	363 599	2 907 178
1954.....	1 871 034	545 342	166 486	48 632	382 005	3 013 499
1955.....	1 913 490	561 155	155 638	59 848	406 636	3 096 767

Tabell 1 (framh.). Åker- og hageareal. Bygdene i alt.

	Korn og erter	Poteter	Rot- vokstrar	Grøn- saker	Annan åker og hage	Åker og hage i alt
b) Relative tal. 1939 = 100.						
1949.....	82.8	114.9	68.5	81.5	123.9	91.7
1950.....	85.4	116.3	73.7	90.1	107.1	92.3
1951.....	87.9	115.4	73.5	99.5	112.9	94.5
1952.....	91.9	114.3	73.1	118.1	111.8	97.0
1953.....	95.0	110.8	76.9	122.1	112.3	98.7
1954.....	101.9	107.6	73.9	92.1	118.0	102.3
1955.....	104.2	110.7	69.0	113.4	125.6	105.1

For åra 1940—1948 viser ein til «Jordbruksstatistikk 1951».

Åkerarealet vart auka under krigen. Det var størst i 1942 med 3 388 000 dekar. Det var så nedgang framover til 1947. Sidan har det vori auke, men først i 1954 var åker- og hagearealet større enn i 1939.

I tabell 2 finn ein meir detaljerte arealoppgåver for åra 1949, 1954 og 1955. Tabell I bak i boka viser arealet i 1955 fylkesvis for dei einskilde vokstrane.

Tabell 2. Bruken av arealet i 1955 samanlikna med 1954 og 1949.

	Arealet i dekar			Brigde 1949–55		Brigde 1954–55	
	1949	1954	1955	I dekar	I pct.	I dekar	I pct.
Haustkveite	7 133	13 913	20 025	+ 12 892	+ 180.7	+ 6 112	+ 43.9
Vårkveite	301 142	186 978	162 125	- 139 017	- 46.2	- 24 853	- 13.3
Haustrug	5 634	4 593	3 872	- 1 762	- 31.3	- 721	- 15.7
Vårrug	4 264	2 297	2 620	- 1 644	- 38.6	- 323	- 14.1
Bygg	399 563	932 706	1 011 611	+ 612 048	+ 153.2	+ 78 905	+ 8.5
Havre	758 499	704 986	682 544	- 75 955	- 10.0	- 22 442	- 3.2
Blandkorn	38 982	22 944	26 519	- 12 463	- 32.0	- 3 575	- 15.6
Erter	4 872	2 617	4 174	- 698	- 14.3	- 1 557	- 59.5
Korn og erter i alt	1 520 089	1 871 034	1 913 490	+ 393 401	+ 25.9	+ 42 456	+ 2.3
Grønför	163 607	105 953	112 480	- 51 127	- 31.2	- 6 527	- 6.2
Potet	582 410	545 342	561 155	- 21 255	- 3.6	- 15 813	- 2.9
Førnepe	47 453	44 438	45 313	- 2 140	- 4.5	- 875	- 2.0
Kålrot	71 802	85 045	83 266	+ 11 464	+ 16.0	- 1 779	- 2.1
Förbete	23 861	18 964	16 086	- 7 775	- 32.6	- 2 878	- 15.2
Förmergkål	11 263	18 039	10 973	- 290	- 2.6	- 7 066	- 39.2
Grønsaker	43 012	48 632	59 848	+ 16 836	+ 39.1	+ 11 216	+ 23.1
Andre vokstrar på åker og i hage ¹	199 338	222 536	220 073	+ 20 735	+ 10.4	- 2 463	- 1.1
Brakk	38 178	53 516	74 083	+ 35 905	+ 94.0	+ 20 567	+ 38.4
I alt åker og hage	2 701 013	3 013 499	3 096 767	+ 395 754	+ 14.7	+ 83 268	+ 2.8
Eng til slått	Eng på dyr- ka jord ... Natureng på innmark ... Sæterlykkjer Utslåtter ..	4 864 775	4 621 329	4 529 772	- 335 003	- 6.9	- 91 557
		1 097 301	911 809	861 740	- 235 561	- 21.5	- 50 069
		153 033	116 001	118 860	- 34 173	- 22.3	- 2 859
		225 430	94 211	87 421	- 138 009	- 61.2	- 6 790
Eng til beite	på dyrka jord på natureng	298 487	346 629	383 054	+ 84 567	+ 28.3	+ 36 425
		362 137	389 640	385 954	+ 23 817	+ 6.6	+ 3 686
Kultur- beite	på dyrka jord på overflate- dyrka jord	258 997	271 577	263 369	+ 4 372	+ 1.7	+ 8 208
		494 458	576 764	600 834	+ 106 376	+ 21.5	+ 24 070
I alt jordbruksareal	10 455 631	10 341 459	10 327 771	- 127 860	- 1.2	- 13 688	- 0.1
Av dette: Dyrka jord ..	8 123 272	8 253 034	8 272 962	+ 149 690	+ 1.8	+ 19 928	+ 0.2
Innmark ..	10 077 168	10 131 247	10 121 490	+ 44 322	+ 0.4	+ 9 757	+ 1.0

¹ Jordbær og bringebær rekna med.

Kornarealet har framleis auka. I 1955 var det vel 42 000 dekar større enn i 1954. Det er ein auke på 2,3 prosent. Kornarealet har auka heilt sidan 1946. Sidan 1949, då det var fullstendig jordbrukssteljing, har samla areal korn og erter til mogning auka med 393 000 dekar. Denne auken svarar til 25,9 prosent. Siste året var det auke i kornarealet i alle fylka på Austlandet (bortsett frå Hedmark), i Rogaland og Nord-Trøndelag. Det er Vestfold som syner sterkest auke i høve til 1949 — 53 prosent. Også i dei andre fylka på Austlandet har det vori sterkt auke sidan 1949. Elles har det vori auke i Trøndelag og i Rogaland, medan resten av fylka syner nedgang. Serleg sterkt nedgang har det vori i Troms, Sogn og Fjordane og Hordaland.

Vårkveitearealet synte sterkt nedgang i åra 1950—1953. I 1954 var det noko auke att, men i 1955 var arealet etter som i 1953. Siste året auka arealet noko i Oppland og Trøndelag. Også i Telemark var det ein liten auke. I dei andre fylka var det nedgang. Vårkveitearealet i 1955 var 46 prosent (139 000 dekar) mindre enn i 1949. Arealet til haustkveite auka relativt sterkt frå 1954 til 1955, men samla haustkveiteareal er framleis lite, sjølv om det har auka med 180 prosent i høve til 1949. Samla rugareal var om lag som i 1954.

Auken i byggarealet har haldi fram. I 1955 var arealet 79 000 dekar større enn i 1954. Det svarar til ein auke på 8,5 prosent. Sidan 1949 har det auka med 612 000 dekar eller 153 prosent. Av samla areal til korn og erter i 1955 (1 913 000 dekar) vart 1 012 000 dekar nytta til bygg. Siste året auka byggarealet i alle fylka med unnatak av Hedmark, Hordaland, Sogn og Fjordane og Nord-Noreg. Auken var relativt sterkest i Telemark. Også i Vestfold og Østfold var det sterkt auke.

Havrearealet gjekk tilbake med vel 22 000 dekar eller 3,2 prosent siste året. Det har vori ein nedgang på 76 000 dekar eller 10,0 prosent sidan 1949. Siste året var det berre Østfold, Akershus og Buskerud som synte litt auke i havrearealet. I høve til 1949 har arealet gått tilbake i alle fylka, med unnatak av Østfold, Akershus og Vestfold. Nedgangen har vori relativt sterkest i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Arealet til blandkorn auka med 15,6 prosent frå 1954 til 1955, men var likevel 32,0 prosent mindre enn i 1949.

Det blir dyrka lite erter til mogning. Arealet var knapt 4 200 dekar i 1955. Dette var ein sterkt auke i høve til året før, men arealet var vel så stort i 1949.

Potetarealet synte noko nedgang i tida 1950—1954. I 1955 var det ein auke på knapt 16 000 dekar eller 2,9 prosent i høve til året før. Arealet i 1955 var 3,6 prosent mindre enn i 1949. Auken siste året var relativt sterkest, vel 12 prosent, i Hedmark. Troms hadde sterkest nedgang — knapt 4 prosent. Nord-Trøndelag syner relativt sterkest auke i høve til 1949. Auken her var på knapt 15 prosent. Elles er det auke i høve til 1949 også i Oppland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag. Nedgangen har vori sterkest, 12—15 prosent, i Østfold, Akershus og Hedmark.

Arealet til rotvokstrar og fôrmergkål gjekk tilbake med 6,5 prosent siste året. Nedgangen har vori serleg sterkt for fôrmergkål — 39,2 prosent i høve til året før. Arealet til forbete var 15,2 prosent mindre enn i 1954. Kålrota synte ein nedgang på 2,1 prosent, medan fôrnepearealet hadde auka med 2,0 prosent. I høve til 1949 er det berre kålrotarealet som har auka. Det har vori heller sterkt auke i arealet til rotvokstrar i høve til 1949 i Agder og på Vestlandet. Nedgangen har vori sterkest i Nord-Noreg.

Grønsakarealet auka med vel 11 000 dekar, 23,1 prosent, siste året. Det var 39 prosent større enn i 1949.

Grønförarealet var 6,2 prosent større i 1955 enn i 1954, men vel 31 prosent mindre enn i 1949.

Samla areal til åker og hage var 83 000 dekar større i 1955 enn i 1954. Sidan 1949 har det vori ein auke på 396 000 dekar. Siste året auka arealet i alle fylka på Austlandet, i Vest-Agder, Rogaland og Nord-Trøndelag. Åker- og hagearealet er mindre enn i 1949 i alle fylka i Nord-Noreg, i Agder og i Møre og Romsdal.

Engareala har framleis gått tilbake. Slåttengarealet var vel 145 000 dekar mindre i 1955 enn i 1954. Nedgangen har vori relativt sterkest for utslætter. Dette arealet gjekk tilbake med 7,2 prosent siste året. Sidan 1949 har det gått tilbake med vel 61 prosent. Arealet til særlykkjer auka litt siste året, men sidan 1949 har dette arealet gått tilbake med over 22 prosent. Samla beiteareal på kulturbete og anna eng til beite auka med knapt 49 000 dekar siste året. Sidan 1949 har det auka med 219 000 dekar.

Tabell 3. Åker- og hagearealet i 1955 i høve til 1949 og 1954.

	Korn og erter	Poteter	Rot- vokstrar	Annan åker og hage	Åker og hage i alt
a) Relative tal. 1949 = 100.					
Østfold	133.3	88.1	86.8	130.0	123.7
Akershus	134.9	85.1	86.9	94.9	119.5
Hedmark	134.0	88.2	92.0	100.2	118.2
Oppland	116.7	102.8	81.7	86.3	108.8
Buskerud	125.4	89.3	97.7	128.8	119.5
Vestfold	153.2	91.7	88.7	112.7	131.2
Telemark	128.2	94.7	99.1	119.6	116.2
Aust-Agder	74.2	95.0	139.2	112.7	94.2
Vest-Agder	58.6	98.9	137.9	107.7	88.1
Rogaland	121.6	99.6	123.3	116.2	114.0
Hordaland	42.6	93.1	168.1	123.2	103.7
Sogn og Fjordane	29.2	100.6	172.8	123.7	100.4
Møre og Romsdal	82.4	102.3	147.2	105.5	99.2
Sør-Trøndelag	111.7	106.2	96.7	95.3	107.9
Nord-Trøndelag	121.7	114.6	98.8	87.7	115.9
Nordland	83.8	99.4	59.6	68.1	84.7
Troms	13.6	97.7	43.3	85.3	89.9
Finnmark	-	94.5	34.5	60.9	70.4
Bygdene i alt.....	125.9	96.4	100.8	105.0	114.7
b) Relative tal. 1954 = 100.					
Østfold	103.5	103.6	82.0	120.4	104.0
Akershus	104.3	100.4	90.2	107.0	103.7
Hedmark	98.5	112.2	93.2	113.7	101.6
Oppland	100.9	106.9	102.7	113.1	103.2
Buskerud	105.8	100.2	98.5	106.1	104.9
Vestfold	110.6	100.9	93.6	108.7	108.1
Telemark	113.5	99.6	87.9	112.1	108.5
Aust-Agder	89.3	96.8	105.7	111.9	99.3
Vest-Agder	87.6	99.4	86.1	121.9	101.2
Rogaland	104.3	99.2	90.2	104.9	100.5
Hordaland	89.6	97.2	103.2	99.4	98.3
Sogn og Fjordane	72.7	100.5	100.1	100.4	98.6
Møre og Romsdal	90.9	103.8	98.6	99.0	98.1
Sør-Trøndelag	96.0	102.4	101.5	122.8	99.6
Nord-Trøndelag	100.8	108.0	100.0	131.3	103.4
Nordland	80.4	98.6	86.1	88.5	92.6
Troms	22.5	96.1	89.1	100.0	96.4
Finnmark	-	109.4	100.0	68.0	79.7
Bygdene i alt.....	102.3	102.9	93.5	108.3	102.8

Samla jordbruksareal gjekk tilbake med 0,1 prosent siste året. I høve til 1949 er det ein nedgang på 1,2 prosent. Arealet av dyrka jord har auka med 0,2 prosent sidan 1954 og 1,8 prosent sidan 1949.

Tabell 3 syner brigda fylkesvis for korn og erter i alt, poteter, rotvokstrar, annan åker og hage og samla åker- og hageareal.

Tabell 4, som gjeld oppgåver frå Landbruksdepartementet, syner kor store areal som vart *nnydyrka* (fulldyrka) og *overfledyrrka*, og kor mykje tidlegare dyrka jord som vart *grøfta* ved hjelp av tilskot og lån i åra 1949—1954.

Tabell 4. Dyrking og grøfting med tilskot og lån 1949—1954.

	Fulldyrka	Overflate-dyrka	Grøfting av tidlegare dyrka jord
	Dekar	Dekar	Dekar
1949	32 732	19 403	17 915
1950	34 831	27 597	19 626
1951	30 823	26 637	15 217
1952	33 043	26 055	19 280
1953	47 732	30 148	47 976
1954	56 212	29 816	64 400

Tala for 1954 syner sterk auke når det gjeld fulldyrking og grøfting av tidlegare dyrka jord. For overfledyrrkinga er det ingen nemnande skilnad frå 1953.

Tabell 5 gjev dei same oppgåvene fylkesvis for 1953 og 1954.

Tabell 5. Dyrking og grøfting med tilskot og lån. Fylkesvis.

	Fulldyrka		Overfledyrrka		Grøfting av tidlegare dyrka jord	
	1953	1954	1953	1954	1953	1954
	Dekar	Dekar	Dekar	Dekar	Dekar	Dekar
Østfold	359.6	333.0	74.7	42.1	10 037.7	13 746.8
Akershus.....	633.3	958.0	73.9	80.8	3 727.7	7 659.4
Hedmark	7 531.8	9 859.9	669.7	572.9	9 184.5	12 818.8
Oppland	4 392.0	5 369.9	1 758.0	1 856.4	2 288.6	4 780.2
Buskerud	997.0	1 052.4	947.2	693.3	1 265.0	2 159.3
Vestfold	560.6	514.9	48.3	33.8	6 981.9	8 099.8
Telemark	823.0	666.8	1 205.8	650.9	1 214.1	1 111.5
Aust-Agder.....	580.2	457.9	385.7	289.0	1 193.3	853.6
Vest-Agder	878.8	921.5	1 297.2	976.2	621.4	499.2
Rogaland	1 942.0	2 259.9	3 923.7	4 755.3	972.6	1 452.2
Hordaland	1 651.4	1 685.2	3 411.1	3 543.0	638.7	625.8
Sogn og Fjordane.	2 100.6	2 056.7	5 122.1	4 396.5	355.0	375.7
Møre og Romsdal .	3 555.0	4 393.7	3 063.9	3 382.8	1 255.9	1 465.4
Sør-Trøndelag	3 024.3	3 754.9	1 903.0	2 278.3	1 891.5	2 256.4
Nord-Trøndelag ...	3 646.7	4 042.8	1 354.5	1 312.2	3 997.1	3 537.4
Nordland	6 530.3	7 360.8	2 791.1	2 775.7	1 556.6	1 923.8
Troms	4 767.9	5 734.8	1 920.0	1 963.3	548.4	766.3
Finnmark	3 757.1	4 788.8	198.2	213.8	246.2	268.8
Bygdene i alt	47 731.6	56 211.9	30 148.1	29 816.3	47 976.2	64 400.4

Størst areal som vart fulldyrka i 1954 hadde Hedmark, og dernest Nordland. Overflatedyrkinga var størst på Vestlandet. Rogaland og Sogn og Fjordane kjem først av fylka. Grøfting av tidlegare dyrka jord var mest vanleg på Austlandet. Det var grøfta serleg mykje i Østfold og Hedmark.

Utsæde pr. dekar.

Gjennom femårmeldingane frå fylkesmennene fekk ein oppgåver over medels utsæde pr. dekar i tida framover til 1920. Sidan har ein ikkje henta inn slike oppgåver. For å sjå om det har vori nemnande brigde på dette omkverve, ba Byrået i 1955 jordstyra om å gjeva oppgåver etter skyn over vanleg utsæde av korn og poteter pr. dekar i heradet.

Tabell 6 gjev resultatet av denne etterrøknaden, samanlikna med femårsoppgåvene i tida etter 1900.

Tabell 6. Medels utsæde i kg pr. dekar.

	1901—05	1906—10	1911—15	1916—20	· 1955
Kveite	21.4	21.8	21.7	21.9	20.9
Rug	15.0	15.3	16.1	17.0	18.6
Bygg	20.7	20.3	19.6	19.6	18.7
Havre	23.7	23.1	22.4	22.4	21.6
Blandkorn	22.7	22.6	21.0	21.5	21.6
Erter	20.6	23.2	22.4	21.1	23.3
Poteter	214.8	216.1	227.2	235.9	269.7

For grønfôr var medels utsæde i 1955 gjevi opp til 24,5 kg pr. dekar.

Maskinar og reiskapar.

Til vanleg blir det samla inn oppgåver over maskinar og reiskapar ved brukar berre i samband med dei 10-årlege fullstendige jordbrukssteljingane (sjå publikasjonane frå Jordbrukssteljinga 1949).

Tabell 7 viser innførsla av sume landbruksmaskinar.

Tabell 7. Innførsel av landbruksmaskinar. Stk.

	Separa-torar	Slåmaskinar og sjølv-bindarar	Traktorar i jord- og skogbruk	Treskjeverk
1949.....	2 230	3 250	2 021	369
1950.....	2 676	4 206	1 484	299
1951.....	1 449	6 395	4 030	541
1952.....	200	4 222	4 890	221
1953.....	400	2 303	5 155	207
1954.....	348	3 074	7 457	64
1955.....	303	4 743	6 562	32

Frå og med 1954 har statistikken over innførsla fått med noko meir detaljerte oppgåver enn før. Det kan nemnast at av 4 743 slåmaskinar og sjølvbindarar i 1955 (tab. 7), var 4 620 slåmaskinar. I 1954 var talet på slåmaskinar 2 841. Vidare kan ein nemna desse tala, som ikkje er med i tabellen — tala gjeld innførsel i 1955, med tilsvarende tal for 1954 i parentes: Såmaskinar 684 (478), gjødselspreiarar 434 (200), skurdtreskjarar 728 (551), mjølkemaskinar 2 162 (3 105).

I tabell 8 er det gjevi eit oversyn over innanlandsk produksjon av sume landbruksmaskinar og reiskapar.

Tabell 8. Innanlandsk produksjon av maskinar og reiskapar til landbruket. Stk.

	1949	1950	1951	1952	1953	1954
Vanlege plogar for hest	5 076	2 655	1 861	1 999	578	439
Traktorplogar	2 892	2 303	3 587	5 136
Hyppeplogar og andre lette plogar	281	965	536	445	1 037	681
Fjørhorver for hest	3 689	2 033	1 661	1 570	832	1 181
Rullehorver for hest	3 200	546	365	292	245	172
Ugras- og mosehorver for hest	1 071	1 642	769	635	681	681
Spaknivhorver for hest	191	116	49	17	25	25
Skålhorver for hest	1 319	322	398	494	893	893
Andre horver for hest	1 068	559	476	252	968	968
Traktorhorver	530	761	1 377	1 641		
Hestehakker	3 389	1 785	813	772	532	535
Radreinskarar for hest	1 642	2 053	2 435	1 462	1 030	722
Radreinskarar for traktor	828
Gjødselspreiarar	1 680	1 632	1 923	2 368	2 104	1 867
Hjulriver og sleperiver	4 995	7 598	6 638	3 543	2 866	2 382
Potetoppakarar og potetplogar for hest	1 175	2 076	2 740	2 362	2 057	1 755
Potetoppakarar for traktor	140	530
Potetsorterarar	435	655	590	371	394
Hakkemaskinar	424	480	406	326	137	116
Treskjeverk	397	404	453	257	255	262
Rotrasparar og rottskjjeremaskinar	1 453	927	877	635	1 294	1 122
Frukttre- og ugrassprøyter	1 754	1 259	1 168	1 334

Jordskifte.

I tabell VI bak i boka er det teki inn nokre oppgåver over Jordskifteverket si verksemrd i tida 1859—1954.

I denne tida er det slutta av om lag 30 100 jordskiftesaker med bortimot 198 300 lotteigarar. Det arealet som er skifta, svarar til 35 212 km². Av dette er 4 455 km² innmark og 30 757 km² utmark. Dette gjeld areal som jamnast er oppmålt og kartlagt. Noko jord blir skifta utan oppmåling og kart — i 1954 såleis vel 58 000 dekar.

I tida 1859—1954 har det vori i alt 6 958 overjordskiftesaker.

Avlinga.

Fylgjande utrekningar går inn under den offisielle avlingsstatistikken:

- I. For kvar månad i veksetida (mai—september) sender landbruksdirektøren ut ei melding om avlingsvонene for dei ymse jordbruks- og hagebruksvokstrar, med ei førebels utrekning av avlingsmengda ved utgangen av september.

II. Avlingsresultata for jordbruksvokstrane blir til slutt rekna ut av Byrået på grunnlag av oppgåver fra jordstyra i dei einskilde herad (frå og med 1925).

III. På grunnlag av oppgåver fra hagebruksfunksjonærane rekner Byrået ut avlinga frå hagebruket (frå og med 1933).

I Statistiske meldinger 1955, nr. 11, gav Byrået eit førebels oversyn over avlingane i Noreg i 1955 på grunnlag av meldingane frå landbruksdirektøren. Melding om hagebruksavlinga — på grunnlag av oppgåvene frå hagebruksfunksjonærane — vart send ut som pressemelding 10. november 1955. Dessutan er det gjevi eit oversyn i Statistiske meldinger 1955, nr. 12. Meldingar om avlinga av jordbruksvokstrane, rekna ut på grunnlag av oppgåvene frå jordstyra, er tekne inn i Statistiske meldinger nr. 1, 2 og 3 for 1956.

a) *Jordbruket.*

Tabell 9. Avlinga av dei ymse jordbruksvokstrar i 1955 samanlikna med 1954 og 1953.

	Avling i tonn			Avling pr. dekar i prosent av medelsåret		
	1953	1954	1955	1953	1954	1955
Korn og erter.....	433 236	433 210	362 302	102.0	93.9	74.7
Poteter	1 249 013	1 129 670	980 648	99.9	91.7	76.7
Förnepe	231 801	211 358	187 565	106.8	95.0	84.3
Kålrot	464 024	355 836	291 261	107.4	88.9	73.5
Fôrbete	99 069	75 390	68 260	104.9	79.7	83.1
Fôrmergkål	117 631	94 499	49 506	103.6	92.4	80.5
Høy	3 155 262	3 113 679	2 444 469	105.9	105.8	81.5
Halm	574 166	608 553	401 554	101.5	101.4	67.5
Gronfôr (tørt)	58 152	57 516	50 303	98.3	100.0	80.7
I alt 1000 f.e.	2 200 681	2 149 898	1 717 690	104.0	100.6	78.5

Ved omrekninga til føreiningar har ein rekna: 1 f.e. = 1 kg kveite, rug, bygg og erter, 1,2 kg havre, 1,1 kg blandkorn, 4,5 kg poteter, 9 kg kålrot, fôrbete og fôrmergkål, 12 kg förnepe, 2,5 kg høy, 4,1 kg halm og 2,5 kg tørt grønfôr. Desse omrekningsfaktorane er nyttar for alle åra, utan omsyn til kvalitetan av avlinga. Avkastninga på beita er ikkje med i den avlingsmengda som tabell 9 syner. Ein reknar at det frå beita blir teki ca. 850 mill. føreiningar årleg.

Tabell 9 syner også avlinga pr. dekar i prosent av medelsåret. Når ein skal døma om desse prosenttala, må ein vera merksam på at nemninga «medelsår» gjeld den avlingsmengd ein reknar med å få i eit vanleg godt år, når det ikkje er noko serleg som skiplar avlingsvònene. Det er berre den mest årsikre voksteren, høyet, som gjennom ei lengre årrekke kjem opp i om lag 100 prosent av medelsårsavling. For åkervokstrane låg medelsprosentane for åra 1900—1950 mellom 88 og 92. For samla avling var prosenten 95. Stort sett har kravet til medelsårsavlinga auka litt fra år til år.

Tabell 10 gjev meir detaljerte oppgåver over avlinga i 1955. Tabell III bak i boka viser avlinga i dei einskilde fylke.

Tabell 10. Avlinga av dei einskilde jordbruksvokstrar i 1955.

	Areal i 1955 Dekar	Avling i kg pr. dekar	Samla avling i 1955		Prosent av medels- år	Kvali- tet ¹
			Tonn	1000 f.e.		
Haustkveite	20 025	217.6	4 358	4 358	79.2	4.2
Vårkveite	162 125	169.0	27 401	27 401	72.8	3.7
Haustrug	3 872	204.8	793	793	82.6	4.1
Vårrug	2 620	185.6	486	486	79.9	3.7
Bygg	1 011 611	207.1	209 473	209 473	79.8	3.9
Havre	682 544	167.0	113 960	94 967	67.1	3.7
Blandkorn	26 519	193.4	5 130	4 664	70.5	3.8
Erter	4 174	167.9	701	701	71.0	4.1
Korn og erter i alt	1 913 490	189.3	362 302	342 843	74.7	3.9
Poteter	561 155	1 747.6	980 648	217 922	76.7	3.8
Förnepe	45 313	4 139.3	187 565	15 630	84.3	3.7
Kålrot	83 266	3 498.0	291 261	32 362	73.5	3.8
Förbete	16 086	4 243.4	68 260	7 584	83.1	4.1
Förmergkål	10 973	4 511.6	49 506	5 501	80.5	4.2
Grønfôr (tørt)	112 480	447.2	50 303	20 121	80.7	4.1
{ eng på dyrka jord	4 529 772	473.4	2 144 363	857 745	81.3	4.4
Høy { natureng på innmark	861 740	291.4	251 073	100 429	82.6	4.3
frå { sæterlykkjer	118 860	289.3	34 392	13 756	83.5	4.4
utslætter	87 421	167.5	14 641	5 857	83.9	4.4
Halm	1 913 490	209.9	401 554	97 940	67.5	3.9
I alt 1000 f.e.				1 717 690	78.5	

¹ Kvalitetsgradering: 5 = sers god, 4 = mykje god, 3 = god, 2 = mindre god, 1 = därleg.

Førejolsvinteren 1954 var etter måten mild over heile Sør-Noreg. Etter nyår var det periodar med sterk kulde. Det var lite snø over flatbygdene på Austlandet. Elles i landet var det normale eller store snømengder. Våren var heller kald over heile landet. Sør-Noreg hadde stor nedbør i april—mai. Mange stader fall det sludd eller snø heilt til i midten av mai. Det var vanskelege tilhøve under våronna. Onna vart seinka med 1—3 veker. I slutten av mai vart det godvér, og dette sette fart i arbeidet.

I juni var det lite nedbør sønnafjells, men det var til dels skarp vind, og skikkeleg sumarvarme vart det ikkje før omkring 20. juni. I juli var det varmt. Det var framleis svært tørt over heile Austlandet og Sørlandet og det meste av Vestlandet. Det kom noko nedbør i midten av august, men det vanta mykje på at det var nok. Nordafjells var det meir normal nedbør i juni og juli, men i august var nedbøren stort sett mindre enn normal. I Møre og Romsdal og i Trøndelag var det gode vokstervilkår, men i Nord-Noreg heldt det fram med heller kaldt vér i juni og juli og for det meste også i august.

I september var temperaturen høgre enn normalt i heile landet. Ved månads-skiftet august—september kom den første rotbløyta på lang tid i dei stroka som var råka av tørken. Over Vestlandet var nedbørsmengda svært stor på sine stader, men mindre enn normalt i Møre og Romsdal og Trøndelag. Under inn-haustinga var det for det meste bra vér sønnafjells, men ein del av avlinga tok skade eller vart øydelagd i Trøndelag og Nord-Noreg.

Samla avling (beita er haldne utanfor) er utrekna til i alt 1 718 mill. føreiningar. Dette er litt meir enn i tørkesumaren 1947, men ca. 340 mill. føreiningar

mindre enn medeltalet for 1950—1954. I 1954 vart avlinga rekna til 2 150 mill. føreiningar.

Avlinga i 1955 svarar til 206 føreiningar i medel pr. dekar. Dette er rekna som 78,5 prosent av medelsår. Det er det lægste prosenttalet sidan 1902, men kravet til eit medelsår har auka sterkt. For alle jordbruksvokstrar rekna under eitt var medelsårsavlinga 263 f.e. pr. dekar i 1955, 232 f.e. i 1949, 205 i 1939 og 151 i 1900.

Vértihøva i 1955 gjorde at avlingane skifte uvanleg sterkt etter jordart, lende og gjødselkraft. Dette gjorde seg serleg gjeldande i tørkestroka. Denne sumaren var det store føremoner for bruk der det var høve til å vatna.

Avlinga av *korn og ertær* er utrekna til i alt 362 000 tonn. Det er vel 70 000 tonn mindre enn i 1954. Kornarealet var noko større enn året før, men avlinga pr. dekar var mykje mindre. Medelavlinga for alle kornslag under eitt var 189 kg pr. dekar, mot 232 kg i 1954. Det var 75 prosent av medelsår i 1955. I 1954 svara avlinga til 94 prosent av medelsår. Ikkje noko fylke nådde opp i medelsårsavling av korn i 1955. Fylka på Austlandet og i Agder fekk frå 60 til vel 80 prosent av medelsår — lægst i Østfold og Vestfold og høgst i Hedmark. På Vestlandet og i Trøndelag låg prosenttala kring 90. Nord-Trøndelag kom høgst med 95 prosent. Varmen og tørken sørnaafjells dreiv kornet fram til vanleg mogningstid, trass i den seine våren. Kornet vart jamt over noko smått, men elles var kvaliteten god, og det vart godt berga. I Trøndelag vart skuronna sein, med vanskelege bergingstilhøve. Ein del av avlinga vart skadd av regn, snø og frost. I Nord-Noreg vart det eit dårleg kornår. Det var mykje korn som ikkje nådde fram til mognign.

For heile landet under eitt gav vårkveiten 169 kg korn pr. dekar. Det var 73 prosent av medelsår. I 1954 var avlinga 202 kg pr. dekar — 91 prosent av medelsår. I mange bygder i Trøndelag og på Vestlandet fekk dei full medelsårsavling. I dei einskilde fylka innan desse landslutene skifte det mellom 83 og 96 prosent av medelsår. På Austlandet varierte det mellom 62 prosent i Østfold og Vestfold og over 80 prosent i Oppland og Hedmark.

Haustkveiten gav stort sett noko betre avlingar enn vårkveiten. Avlinga pr. dekar var 218 kg — 79 prosent av medelsår. I 1954 gav haustkveite 244 kg pr. dekar. Det var 93 prosent av medelsår.

Samla avling av vår- og haustkveite i 1955 var 31 800 tonn, mot 41 200 tonn i 1954. I 1948—1950 var kveiteavlingane ca. 70 000 tonn.

Haustrug gav knapt 83 prosent og vårrug 80 prosent av medelsår. Samla rugavling i 1955 var knapt 1 300 tonn.

Bygget gav 207 kg pr. dekar som medeltal for heile landet. Det var 80 prosent av medelsår. I 1954 var avlinga 240 kg pr. dekar og svara til 94 prosent av medelsår. Også bygget slo relativt best til på Vestlandet og i Trøndelag, med avlingar som svara til 90—95 prosent av medelsår. På Austlandet ymsa det mellom vel 60 prosent i Østfold og Vestfold og 86 prosent i Hedmark. Samla byggavlning for heile landet var 209 000 tonn. Dette var 15 000 tonn mindre enn i 1954, trass i at byggarealet hadde auka med 79 000 dekar.

Av kornartene var det havren som greidde seg dårlegast i tørkestroka. I medel for heile landet var havreavlinga 167 kg pr. dekar. Det var 67 prosent av medelsår. I 1954 var avlinga 228 kg pr. dekar og 94 prosent av medelsår. I fylka på Austlandet gav havren 60—80 prosent av medelsår, på Vestlandet og i Trøndelag kring 90 prosent. Samla havreavling er utrekna til 114 000 tonn i 1955, mot 161 000 tonn i 1954. Havrearealet var 22 000 dekar mindre i 1955 enn i 1954.

Blandkornet gav 193 kg pr. dekar — 71 prosent av medelsår. Erter til mognin gav også 71 prosent.

Halmavlinga i 1955 er utrekna til 402 000 tonn. I 1954 var halmavlinga 609 000 tonn. Avlinga pr. dekar svara til 68 prosent av medelsår i 1955, mot 101 prosent i 1954. Østfold, Akershus og Vestfold fekk berre om lag halv medelsårsavling av halm i 1955. Det var dei same fylka som fekk relativt minst høyavlning. Over Austlandet elles gav halmen 60—75 prosent av medelsår. På Vestlandet var avlinga noko større, og Trøndelag fekk noko over 90 prosent.

Potetavlinga i 1955 er utrekna til 981 000 tonn. Det var om lag 150 000 tonn mindre enn i 1954, men noko meir enn i tørkeåret 1947. Avlinga pr. dekar i 1955 var 1 748 kg eller 77 prosent av medelsår, mot 2 072 kg og 92 prosent i 1954. Austlandet fekk for det meste små avlingar. Lokalt ymsa det mellom 10 og over 100 prosent av medelsår. Av fylka var det Østfold, Vestfold, Nordland og Finnmark som fekk relativt minst potetavlingar, berre 57—58 prosent av medelsår. Potetene slo best til på Vestlandet og i Trøndelag. Nord-Trøndelag fekk 97 prosent av medelsår og Rogaland 94 prosent. Både i Trøndelag og Nord-Noreg var det sein potetopptaking, og ein del av avlinga vart skadd av frost. Sume stader i Nordland var det sterke åtak av tørr-røt, men elles gjorde tørr-røtet seg lite gjeldande i 1955.

Avlinga av *rotvokstrar og fôrmergkål* er utrekna til i alt 597 000 tonn. Det var 140 000 tonn mindre enn i 1954. Arealet var noko mindre enn året før — serleg arealet til fôrmergkål. Avlinga av forbete var 4 243 kg pr. dekar, eller 83 prosent av medelsår. Dette var noko meir enn året før. Dei andre rotvokstrane og fôrmergkål gav mindre avling pr. dekar enn året før. I Rogaland, som hadde vel halvparten av forbetearealet i 1955, gav forbete 88 prosent av medelsår. Kravet til medelsåret er også størst i dette fylket. Rekna i prosent av medelsår, fekk Telemark og Vest-Agder vel så stor avling som Rogaland. Fôrnepe gav 4 139 kg pr. dekar i medel for heile landet. Det er rekna som 84 prosent av medelsår. Avlinga vart relativt best på Vestlandet og i Trøndelag med 85—92 prosent av medelsår. Medeltala for kålrota var 3 498 kg pr. dekar og 74 prosent av medelsår. På Vestlandet og i Trøndelag, der kålrota slo relativt best til, fekk dei 85—93 prosent av medelsår. Fôrmergkålen gav 4 243 kg pr. dekar i medel for heile landet. Det er rekna som 81 prosent av medelsår. Avlinga vart relativt best i Trøndelag og dernest på Vestlandet. Sønnafjells var rotvokstrane mykje plaga av insekt. I Trøndelag var det vanskelege bergingstilhøve også for rotvokstrane. Ein del av avlinga vart skadd av frost.

Grønjøret gav ei samla avling på 50 000 tonn, med 447 kg pr. dekar og 81 prosent av medelsår. Avlingane var dårlegast på Austlandet. Med unnatak av Nord-Noreg var kvaliteten mykje god.

Høyavlinga er utrekna til 2 444 000 tonn i 1955. I 1954 var avlinga 3 114 000 tonn, og i tørkesumaren 1947 var ho 2 489 000 tonn. Slåttengarealet gjekk noko tilbake også siste året.

For heile landet under eitt gav eng på dyrka jord 473 kg pr. dekar. Det er rekna som 81 prosent av medelsår. I 1954 var avlinga 595 kg pr. dekar — 106 prosent av medelsår. Avlinga vart minst på Austlandet. I Østfold, Akershus og Vestfold vart det berre om lag 66 prosent av medelsår, og elles på Austlandet 70—75 prosent. Det var sterke variasjonar etter jordart. I Agder gav eng på dyrka jord ca. 80 prosent av medelsår og i fylka på Vestlandet 81—90 prosent. Også i desse landslutene var det skiftande avlingar. I sume herad vart det rekna med full medelsårsavling. Sør-Trøndelag fekk 91 prosent og Nord-Trøndelag

97 prosent av medelsår. Fylka i Nord-Noreg fekk 86—89 prosent av medelsår. Sume bygder fekk heller store høyavlingar, dels på grunn av serleg sein slått.

Natureng på innmark gav 291 kg høy pr. dekar for heile landet sett under eitt. Det var 83 prosent av medelsår, mot 102 prosent og 339 kg pr. dekar i 1954. Avlingane var ujamne. Austlandet og Agder fekk relativt minst avling av naturenga, medan ho slo best til i Trøndelag.

Avlinga frå sæterlykkjene er som medeltal for heile landet sett under eitt utrekna til 289 kg høy pr. dekar. Det er rekna som 84 prosent av medelsår. Også utslattene gav 84 prosent av medelsår. Avlinga pr. dekar var 168 kg høy.

Sønnavfjells var høyavlingane ujamne. Mange stader var dei svært små, men kvaliteten av høyavlinga i 1955 var jamt over mykje god i denne luten av landet. Bergingstilhøva var sers gode. Analysar av høyprøver har synt mykje stort förverde. Det meste av høyet i Trøndelag vart nokolunde velberga. I Nord-Noreg var det därlegare bergingsvér, og høykvaliteten vart mindre god, serleg i Nordland.

Tabell 11 gjev eit oversyn over samla avling i jordbruket i dei einskilde fylke for dei tre siste åra, og medeltal for 1936—1940.

Tabell 11. Avlinga i jordbruket rekna i 1000 f.e.

	Avling i 1000 f.e.				I prosent av medelsår		
	1936— 1940 ¹	1953	1954	1955	1953	1954	1955
Østfold	146 438	177 398	168 659	103 377	107.0	100.4	60.4
Akershus	171 619	195 389	182 077	119 570	107.2	98.3	64.3
Hedmark	192 612	245 018	228 757	187 243	105.5	98.7	79.3
Oppland	170 604	212 590	200 897	157 271	108.6	99.6	74.6
Buskerud	96 736	119 645	109 401	72 635	114.1	105.8	68.0
Vestfold	100 250	120 017	112 430	74 138	107.6	97.9	61.9
Telemark	62 067	70 975	64 264	46 284	112.1	104.1	71.8
Aust-Agder	31 630	35 772	31 520	24 380	109.0	94.5	76.8
Vest-Agder	39 591	47 151	41 083	34 827	110.4	93.1	79.9
Rogaland	105 719	136 967	125 765	123 025	105.2	94.3	90.4
Hordaland	85 756	108 304	91 549	86 074	110.5	94.5	86.7
Sogn og Fjordane	73 749	100 869	89 408	79 018	111.1	97.9	81.7
Møre og Romsdal	103 019	135 963	133 879	112 801	104.8	103.2	86.4
Sør-Trøndelag	140 667	158 870	163 566	145 753	102.7	103.2	90.4
Nord-Trøndelag	133 638	158 084	165 866	155 834	102.1	103.2	95.9
Nordland	106 447	109 001	136 373	111 896	83.6	107.4	84.5
Troms	49 184	55 209	84 455	67 462	71.1	109.8	83.6
Finnmark	9 114	13 459	19 949	16 102	75.6	107.2	84.4
Bygdene i alt.....	1 818 840	2 200 681	2 149 898	1 717 690	104.0	100.6	78.5

¹ Utan grønför, forbeter og förm ergkål.

Tabell 12 gjev eit oversyn over avling pr. dekar av dei ymse vokstrar for heile landet under eitt i tida 1925—1955.

Tabell 12. Avling i kg pr. dekar.

	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Bland-korn	Po-teter	För-nepe	Kål-rot	Høy frå	
									eng på dyrka jord	natur- eng på innm.
1925—1929.....	171	173	187	187	197	1 777	3 985	3 509	422	222
1930—1934.....	167	177	189	186	191	1 800	3 920	3 652	417	230
1935—1939.....	202	194	206	219	224	1 736	3 920	3 561	459	226
1940—1944.....	167	174	182	177	199	1 709	3 759	3 282	398	217
1945—1949.....	199	190	218	209	229	1 879	3 765	3 202	494	275
1949.....	217	208	216	215	248	1 887	4 104	3 923	547	299
1950.....	209	214	237	231	250	1 892	4 270	4 166	578	314
1951.....	165	185	224	220	230	1 735	3 839	3 848	505	279
1952.....	193	214	231	201	231	2 049	4 206	4 199	550	310
1953.....	225	221	254	248	258	2 225	5 284	5 081	590	322
1954.....	205	219	240	228	245	2 072	4 756	4 188	595	339
1955.....	174	197	207	167	193	1 748	4 139	3 498	473	291

b) *Hagebruket.*

Utrekningar over hagebruksavlinga har ein for alle år frå og med 1933. Grunnlaget for utrekninga vart revidert i 1950. Tala for medelsårsavling vart då auka. Dette gjorde seg serleg gjeldande for frukt, der dyrkinga har gjort store framsteg i dei seinare år. Også for bær og grønsaker vart medelsårsavlinga auka litt. Dei avlingsmengdene ein har komi fram til ved utrekningane for 1950 og seinare år, kan ein difor ikkje utan vidare samanlikna med utrekningane frå åra før. (Sjå Jordbruksstatistikk 1950, NOS XI. 69.)

Utrekninga av grønsakavlinga gjeld som før berre hovudkulturane. Grønsakarealet i småhagar (kjøkenhagar) som ikkje er spesifisert for dei einskilde grønsakslag, er heller ikkje med i utrekninga. Slik spesifikasjon har ein heller ikkje for byane.

Dei grønsakareaala som er med i utrekninga, svara i 1949 til ca. 75 prosent av heile grønsakarealet (lauken er då rekna med). Om lag 23 prosent fall på «kjøkenhagane», og ca. 2 prosent var småkulturar som raudbete, nepe, salat o. a.

For frukt og bær gjeld utrekninga det heile, også byane.

Avlingsoppgåvene skal for alle voksterslag gjelda slik vare som ein kan rekna som godt brukande i hushaldet, eller som god torgvare ved sal. Under «kål» er rekna med dei ymse slag i høve til det areal dei blir dyrka på i distriktet. Av tomatane reknar ein med det som når mogning (også ved «ettermogning»). Av dei grøne tomatane tek ein med det som ein reknar blir nytta til sylting.

Heile kålrotavlinga blir i statistikken rekna med under jordbruksvokstrane. Til vanleg går det meste av kålrota til fôr, og ein har ikkje materiale som syner kor mykje det er som blir nytta til mat.

Tabell 13 viser utrekna avling i 1955 samanlikna med 1954.

Tabell 13. Avlinga i hagebruket i 1955 samanlikna med 1954.

	Talet på tre og buskar, areal i dekar, m ² 1955		Medels-årsavling pr. eining	Samla medels-års-avling	Avling i 1955 i pct. av medels-års-avling	Samla avling	
	I pct. av 1949	Utrekna absolute tal				1954	1955
Tre:							
Eple, sumar- og haust-	116.9	1 052 764	20	21 055	76.6	24 105	16 119
» vinter	129.0	1 870 058	20	37 401	74.3	45 274	27 787
Pærer	112.1	403 776	22	8 883	101.7	6 632	9 032
Plomer	116.5	865 573	16	13 849	77.0	14 976	10 665
Kirsebær og morellar .	102.8	377 317	12	4 528	84.5	4 594	3 826
Buskar:							
Rips	109.5	1 828 470	6	10 971	91.0	11 015	9 982
Stikkelsbær	117.2	1 117 975	4	4 472	90.4	4 488	4 042
Solbær	128.1	1 755 727	3	5 267	63.5	4 874	3 344
Dekar:							
Jordbær	116.8	11 110	500	5 555	66.8	4 878	3 711
Bringebær	110.7	5 623	450	2 530	56.0	2 510	1 416
Kål	128.8	19 735.6	3 200	63 154	87.1	55 028	54 989
Gulrot	133.8	12 078.0	2 800	33 818	92.1	28 178	31 146
Bønner	143.8	1 068.6	650	695	98.2	439	682
Hageerter	220.1	4 039.6	650	2 626	80.6	2 167	2 116
Matlauk	138.7	2 359.6	2 000	4 719	78.5	4 345	3 703
Purre	134.7	830.8	2 500	2 077	107.2	2 035	2 227
Selleri	115.7	583.5	1 500	875	90.9	797	795
Persillerot	156.2	265.3	1 200	318	101.3	205	323
Rabarbra	98.0	515.9	4 000	2 064	91.4	2 186	1 886
Agurkar på friland	125.8	2 038.1	500	1 019	115.6	433	1 178
Tomatar på friland ...	56.8	286.2	1 000	286	100.1	144	286
m ² :							
Agurkar under glas ...	141.2	147 932	15	2 219	102.8	2 084	2 281
Tomatar under glas ...	186.7	670 182	12	8 042	102.1	7 646	8 212

Utviklinga av frukt, bær og grønsaker vart i 1955 seinka i fleire veker på grunn av den seine våren. Det var ein del frostskade på frukttrær og bærbuskar, serleg på solbær og bringebær. Frukttrebløminga kom noko seint, men var stort sett god. Tørken gjorde at det til dels vart unormalt stort kartfall. Avlingsvонene for frukta var stort sett mykje dårlege i august, men det retta seg i stor mon seinare. Stort sett vart frukta både stor, velutvikla og godt farga.

Fruktavlinga er utrekna til 67 400 tonn i 1955 mot 95 600 tonn i 1954, som var eit serleg rikt fruktår.

Avlinga av sumar- og hausteple er rekna til 16 100 tonn eller 77 prosent av medelsår. I 1954 var avlinga 24 100 tonn, som då var 121 prosent av medelsår. Avlinga var relativt best i Telemark, der dei fekk 95 prosent av medelsår. Dei fleste fylka fekk 80—90 prosent, men i nokre fylke vart avlinga svært lita. I Møre og Romsdal fekk dei såleis berre 30 prosent av medelsår, og i Rogaland 40 prosent.

Avlinga av vintereple er utrekna til 27 800 tonn. Det var 74 prosent av medelsår. I 1954 gav vinterepla 45 300 tonn, som var 126 prosent av medelsår. Nord-Trøndelag fekk full medelsårsavling av vintereple i 1955. Elles var det ikkje noko fylke som nådde opp i meir enn 90 prosent. Dei fleste fekk 80—90 prosent, men i Møre og Romsdal og Rogaland var avlinga av vintereple like därleg som av summar- og hausteple.

Det var pærene som slo best til. Dei gav 102 prosent av medelsår. Avlinga i 1955 er utrekna til 9 000 tonn. I 1954 var det pærene som gav relativt därlegast avling. Då gav dei 6 600 tonn, som var 78 prosent av medelsåret. I Hordaland gav pærene 115 prosent av medelsår i 1955 og i Buskerud, Aust-Agder og Sogn og Fjordane 110 prosent.

Plomeavlinga i 1955 er rekna til 10 700 tonn eller 77 prosent av medelsår. I 1954 gav plomene 15 000 tonn, som var 112 prosent. I Aust-Agder vart det full medelsårsavling av plomene. Rogaland fekk 90 prosent. I dei andre fylka vart det mindre.

Kirsebær og morellar gav i alt 3 800 tonn — 85 prosent av medelsår. I 1954 var avlinga 4 600 tonn, som var 103 prosent av medelsår. I Aust-Agder gav kirsebær og morellar 110 prosent av medelsår i 1955, og i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal 105 prosent. Også Hedmark og Rogaland nådde opp i full medelsårsavling. I Trøndelag vart det sers därleg avling.

Samla bæravling er utrekna til 22 500 tonn i 1955, mot 27 800 tonn i 1954. Ripsen slo best til med 91 prosent av medelsår. I Oppland gav ripsen 110 prosent av medelsår, og seks andre fylke nådde opp i full medelsårsavling. Stikkelsbæra gav 90 prosent av medelsår. Oppland og Møre og Romsdal fekk 110 prosent, og seks andre fylke nådde opp i medelsårsavling. Därlegast vart avlinga i Vestfold med 60 prosent. Dei andre bærslaga gav langt därlegare avlingar. Av solbær vart det berre 64 prosent av medelsår. Relativt best avling fekk Sogn og Fjordane med 95 prosent. Resten av Vestlandet, Trøndelag og Nordland fekk også etter måten bra avlingar, med 80—90 prosent av medelsår. På Austlandet vart avlinga därleg — i dei fleste fylka uvanleg därleg. I Østfold, Akershus, Hedmark, Buskerud og Telemark vart det berre 20—30 prosent av medelsår. Jordbæra gav 67 prosent av medelsår. Det vart nokolunde bra avling i Agder, på Vestlandet og i Trøndelag. Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag fekk full medelsårsavling. På Austlandet slo jordbæra best til i Oppland, der dei gav 80 prosent. I Vestfold gav dei 60 prosent, men i resten av fylka på Austlandet vart det berre halv medelsårsavling. Bringebæra gav 56 prosent av medelsår. Nord-Trøndelag fekk full medelsårsavling. Det vart i det heile nokolunde bra avling i Trøndelag og på Vestlandet. Elles i landet var det därleg. Sume fylke fekk ikkje meir enn 25—30 prosent av medelsår. Av samla bæravling i 1955 var ca. 10 000 tonn rips, 4 000 tonn stikkelsbær 3 700 tonn jordbær, 3 300 tonn solbær, og 1 400 tonn bringebær.

Avlinga av grønsaker på friland er for 1955 utrekna til vel 99 000 tonn, mot 96 000 tonn i 1954. Grønsakarealet var noko større i 1955 enn i 1954. Av samla grønsakavling i 1955 fall 55 000 tonn på kål. Kålen gav 87 prosent av medelsår. Også i 1954 var kålavlinga 55 000 tonn. Kålen slo best til i Sør-Trøndelag, der han gav 110 prosent av medelsår. Også i Hedmark, Hordaland og Nord-Trøndelag fekk dei full medelsårsavling av kål. Dei fleste fylka elles fekk 80—90 prosent. Gulrotavlinga er utrekna til 31 000 tonn, 92 prosent av medelsår. I 1954 var gulrotavlinga på 28 000 tonn. I Hedmark gav gulrota 110 prosent av medelsår, og i Møre og Romsdal 105 prosent. Full medelsårsavling fekk dei elles i Rogaland, Hordaland og Trøndelag. I Nord-Noreg gav gulrota därleg avling.

Bønnene gav 98 prosent av medelsår. I Aust-Agder fekk dei 120 prosent. Elles skifte det mellom 70 prosent i Vestfold og 110 prosent i Buskerud. Hageerter slo langt därlegare til og gav berre 81 prosent av medelsår. Dei fleste fylka fekk 90—100 prosent, men i dei to fylka som hadde størst areal av hageerter, vart avlingane små — Østfold fekk 70 prosent og Vestfold 50 prosent av medelsår. Matlauken gav 79 prosent av medelsår. Sume fylke fekk full medelsårsavling, og det var få som fekk mindre enn 80 prosent, men i Vestfold, der arealet var størst, vart det ikkje meir enn 40 prosent. Purren slo godt til. Den gav 107 prosent av medelsår. I Østfold og Buskerud vart det 120 prosent, og bortsett frå Nord-Noreg, var det ikkje noko fylke som fekk mindre enn 80 prosent av medelsår. Selleri gav 91 prosent av medelsår og persillerot 101 prosent. Stort sett var det heller jamne avlingar av desse vokstrane, men dei slo mindre bra til i Akershus. Rabarbra gav 91 prosent av medelsår. Agurkar og tomatar på friland gav god avling. Agurkavlinga vart 116 prosent av medelsår, og tomatane gav 100 prosent. Agurkane gav serleg god avling i Østfold, Buskerud og Aust-Agder, der det vart 120—125 prosent av medelsår. Tomatane slo sers godt til i Vestfold med 125 prosent.

Agurk og tomat under glas gav godt og vel medelsårsavling — 103 og 102 prosent. Dei gav jamt gode avlingar i så å seia alle fylka. Avlinga av agurkar under glas er utrekna til 2 300 tonn og tomatavlinga til 8 200 tonn.

Tabell 14 gjev eit oversyn over hagebruksavlinga i åra 1950—1955.

Tabell 14. Avlinga i hagebruket. Tonn.

	Frukt	Bær	Grønsaker
1950	87 086	26 269	105 822
1951	62 581	24 266	93 167
1952	69 138	25 008	98 914
1953	46 691	26 578	148 819
1954	95 581	27 766	105 686
1955	67 428	22 496	109 825

Tabell IV bak i boka viser avlinga av dei ymse hagevokstrane i dei einskilde fylke.

Bruken av kunstgjødsel og kraftfør.

Innhaldet av fosfor og kalium i gjødsel skal ein (sidan 1. juli 1947) gjeva opp som prosentinnhaldet av grunnstoffa fosfor (P) og kalium (K). Dette er i samsvar med den nemninga ein nyttar for kvæve (N). Etter kongeleg resolusjon av 18. april 1947 om handel med kraftfør og kunstgjødsel, gjeld dette for all offentleg landbruksverksemnd.

Tabell 15. Omsetnaden av kunstgjødsel rekna i tonn grunnstoff.

	Kvæve (N)	Fosfor (P)	Kalium (K)
1939	10 270	6 464	12 305
1949	25 216	14 108	35 056
1950	36 864	16 171	41 837
1951	30 699	14 949	34 433
1952	33 397	15 490	37 378
1953	36 009	16 558	39 639
1954	34 078	16 252	38 826
1955	35 242	15 832	38 757

Ein må vera merksam på at tala i tabell 15 gjeld omsetnaden, ikkje forbruket. Omsetnad og forbruk fell ikkje like godt saman i alle år. Pris- og vértihøva og andre årsaker kan føra til at ein del kunstgjødsel som er kjøpt eitt år, først blir nytta året etter. Omsetnaden av kvæve var litt større i 1955 enn i 1954. For fosfor og kalium var det ein liten nedgang. I høve til 1949 er det ein auke på 40 prosent for kvæve, 12 prosent for fosfor og 11 prosent for kalium.

Tabell 16. Innførsel av kraftfôr i tonn (heil kveite, rug, bygg og havre til fôr ikkje rekna med).

	Mais	Kli	Eggekviterikt (oljemjøl o. l.)	Andre kraftfôremne	Til saman
1939	148 129	59 269	97 067	24 728	329 193
1949	135 111	2 914	30 546	21 742	190 313
1950	131 208	1 499	76 433	39 677	248 817
1951	53 074	—	46	36 348	89 468
1952	93 698	—	14 143	48 998	156 839
1953	105 902	—	48 910	24 503	179 315
1954	49 699	170	52 008	45 695	147 572
1955	89 194	361	82 389	80 029	251 973

Innførsla av kraftfôr var mykje større i 1955 enn året før. Det gjeld både mais, oljemjøl og andre kraftfôremne, (for det meste durra).

I tillegg til dette vart det i 1955 innført ca. 68 000 tonn kveite, bygg og havre til fôr. Dessutan var det ein omsetnad av ca. 61 000 tonn norsk fôrkorn og 180 000 tonn kraftfôr som var produsert innanlands. Det meste av dette var sildmjøl, oljemjøl og kli. Ein del av det vart produsert av innførde råemne. (Innførsla av råemne til oljemylnene var 107 000 tonn i 1955. Det er litt meir enn det har vori i dei seinare år.) Samla kraftfôromsetnad til grossist var 563 000 tonn i kalenderåret 1955 mot 406 000 tonn i 1954.

Tabell 17 gjev eit oversyn over kraftfôromsetnaden innanlands etter oppgåver fra Statens Kornforretning. Tala gjeld budsjettår.

Tabell 17. Kraftfôromsetnaden til grossist (i tonn).

	Kolhydratrikkt		Eggekviterikt		Til saman
	I alt	Av dette heil kveite, rug, bygg og havre til fôr	I alt	Av dette sildmjøl	
1939—40	299 219	40 724	173 503	¹ 26 874	472 722
1948—49	217 377	36 463	142 744	74 705	360 121
1949—50	328 704	73 796	197 560	79 108	526 264
1950—51	235 854	45 237	112 396	45 483	348 250
1951—52	282 482	73 231	139 446	62 959	421 928
1952—53	289 878	109 280	138 645	51 536	428 523
1953—54	231 637	99 104	164 107	62 829	395 744
1954—55	316 258	108 676	180 312	51 819	496 570

¹ Gjeld også fiskemjøl i 1939—40.

Tabell 18 syner omsetnaden til og frå grossist i dei einskilde månader.

Tabell 18. Kraftföromsetnaden i dei einskilde månader
i 1954 og 1955 (i tonn).

	Omsetnad til grossist					Omsetnad frå grossist I alt	
	Eggekviterikt		Kolhydratrikjt ²		I alt		
	Innført	Norsk ¹	Innført	Norsk ¹			
1954							
Januar	2 985	9 821	1 595	7 135	21 536	42 388	
Februar.....	297	13 447	617	7 416	21 777	37 023	
Mars	827	13 883	12 954	8 767	36 431	44 563	
April	1 697	14 201	4 205	9 266	29 369	48 244	
Mai	6 004	11 399	1 998	7 954	27 355	39 160	
Juni.....	12 586	7 865	7 482	9 578	37 511	23 451	
Juli	4 513	3 634	9 653	6 959	24 759	27 386	
August	180	5 905	14 173	6 006	26 264	29 883	
September	3 431	9 142	19 446	6 868	38 887	28 031	
Okttober	7 991	8 166	36 137	14 486	66 780	39 604	
November.....	4 028	11 042	18 831	9 084	42 985	40 936	
Desember	7 751	9 710	4 874	10 370	32 705	38 550	
Året	52 290	118 215	131 965	103 889	406 359	439 219	
1955							
Januar	2 747	10 982	14 098	12 857	40 684	46 558	
Februar.....	8 663	13 397	11 902	10 785	44 747	41 858	
Mars	7 993	14 482	35 350	13 353	71 178	53 069	
April	8 356	11 068	2 838	9 037	31 299	55 166	
Mai	1 423	10 348	13 221	8 391	33 383	49 531	
Juni.....	4 928	10 405	16 882	10 657	42 872	39 839	
Juli	3 733	3 774	18 321	6 719	32 547	33 040	
August	8 283	7 250	30 315	8 196	54 044	41 146	
September	4 047	8 103	16 230	12 218	40 598	39 373	
Okttober	10 462	8 760	45 520	14 108	78 850	50 438	
November.....	7 676	7 692	12 784	13 648	41 800	53 192	
Desember	13 963	9 436	17 879	9 791	51 069	55 070	
Året	82 274	115 697	235 340	129 760	563 071	558 280	

¹ Gjeld også norsk produksjon av innførte råemne. Fra 1. juli 1955 er sal av kraftfør fra bygdemylnene teki med.

² Heil kveite, rug, havre og bygg til før er rekna med.

Omsetnaden frå grossist var over 100 000 tonn større i 1955 enn i 1954.

Dei vanlege kraftförlaga var framleis rasjonerte — etter retningslinene frå 1952—53. Normalsatsane vart sette noko ned for rasjoneringsåret 1953—54. Desse satsane galdt for 1954—55 òg. Dei er også gjorde gjeldande for 1955—56.

I tillegg til normalrasjonane er det gjevi ein del ekstrarasjonar. Alt i alt representerer desse tillegga heller store kraftförmengder.

På grunn av den seine våren vart det i 1955 over heile landet gjevi ein månadrasjon ekstra til mjølkekyrne.

I tida 1. oktober 1955—30. juni 1956 vart det gjevi ekstrarasjonar til mjølkeyr i dei strøk der tørken hadde gjort mest skade. Desse rasjonane var på høgst 350 kg pr. ku, og dei vart gjevne etter vurdering av trongen i kvart einskilt høve. I jordbruksavtalen av 1956 er det rekna med at det blir sett i verk ei ny kraftförrordning frå 1. juli 1956.

Husdyrhaldet.

Tabell 19 viser talet på husdyr i åra 1949—1955 samanlikna med 1939.

Tabell 19. Talet på husdyr pr. 20. juni. Bygdene i alt.

	Hestar	Storfe	Sauer	Geiter	Svin	Vaksne høns
1939.....	203 931	1 455 016	1 743 802	248 916	361 953	3 422 368
1949.....	198 266	1 224 133	1 735 623	146 594	418 840	3 710 903
1950.....	190 514	1 236 600	1 811 748	130 045	422 156	3 911 996
1951.....	183 828	1 230 532	1 928 948	118 828	386 120	3 320 489
1952.....	175 356	1 151 830	1 986 726	115 417	418 435	3 197 045
1953.....	167 748	1 150 035	1 985 284	119 092	379 035	3 384 750
1954.....	158 676	1 180 894	1 952 016	122 693	405 804	3 562 480
1955.....	150 342	1 171 280	1 921 897	115 557	464 004	3 482 101
Relative tal. 1939 = 100.						
1949.....	97.2	84.1	99.5	58.9	115.7	108.4
1950.....	93.4	85.0	103.9	52.2	116.6	114.3
1951.....	90.1	84.6	110.6	47.7	106.7	97.0
1952.....	86.0	79.2	113.9	46.4	115.6	93.4
1953.....	82.3	79.0	113.8	47.8	104.7	98.9
1954.....	77.8	81.2	111.9	49.3	112.1	104.1
1955.....	73.7	80.5	110.2	46.4	128.2	101.7

Talet på husdyr med unnatak av svin og høns, var mindre i 1949 enn i 1939. Etter 1949 har det vori nedgang i talet på hest. Også for storfe og geit har det stort sett vori nedgang. Talet på sauer auka framover til 1952. Sidan har det vori litt nedgang. Det har vori heller sterke variasjonar i talet på svin og høns.

Tabell 20 gjev meir detaljerte oppgåver over husdyrhaldet. Talet på husdyr i dei einskilde fylke i 1955 ser ein av tabell II bak i boka.

Talet på hestar har framleis gått tilbake. Siste året var det ein nedgang på vel 8 300 dyr eller 5,3 prosent. Sidan 1949 har talet på hestar gått tilbake frå 198 000 til vel 150 000 — ein nedgang som svarar til 24 prosent. Talet på føl var litt mindre i 1955 enn i 1954. I sume fylke var det litt auke. Det er framleis talet på unghest som har minka relativt mest. Nedgangen i aldersgruppa 5—16 år har haldi fram. Denne gruppa som femner over storparten av hestane, synte ein nedgang på vel 8 prosent siste året. Det vil framleis i ei rekkje av år bli ned-

gang i denne aldersgruppa. Det er små kull som årleg går inn i gruppa som 5-åringar, medan dei kulla som går ut, er langt større. Talet på hestar over 16 år var vel 13 prosent større i 1955 enn året før. Sidan 1949 har det vori ein auke på bortimot 46 prosent.

Tabell 20. Talet på husdyr i 1955 samanlikna med 1949 og 1954.

	Husdyrhaldet 20. juni			Brigde 1949–55		Brigde 1954–55	
	1949	1954	1955	I tal	I pet.	I tal	I pet.
Hestar:							
Under 1 år	8 218	3 539	3 298	4 920	÷ 59.9	241	÷ 6.8
1 og 2 år.....	9 948	5 427	4 218	5 730	÷ 57.6	1 209	÷ 22.3
3 og 4 år.....	24 959	7 412	6 441	18 518	÷ 74.2	971	÷ 13.1
5–16 år	134 898	116 313	106 926	27 972	÷ 20.7	9 387	÷ 8.1
Over 16 år	20 243	25 985	29 459	9 216	+ 45.5	3 474	+ 13.4
I alt	198 266	158 676	150 342	47 924	÷ 24.2	8 334	÷ 5.3
Storfe:							
Under 1 år	269 696	306 618	300 742	31 046	+ 11.5	5 876	÷ 1.9
Oksar { 1–2 år	35 128	47 627	54 946	19 818	+ 56.4	7 319	+ 15.4
over 2 år ...	5 783	5 522	5 499	284	÷ 4.9	23	÷ 0.4
Kviger (som ikkje har hatt kalv)	144 275	141 801	151 939	7 664	+ 5.3	10 138	+ 7.1
Kyr (som har hatt kalv)	769 251	679 326	658 154	111 097	÷ 14.4	21 172	÷ 3.1
I alt	1 224 133	1 180 894	1 171 280	52 853	÷ 4.3	9 614	÷ 0.8
Sauer:							
Under 1 år (lam)	843 589	1 003 038	983 845	140 256	+ 16.6	19 193	÷ 1.9
Over 1 år	892 034	948 978	938 052	46 018	+ 5.2	10 926	÷ 1.2
I alt	1 735 623	1 952 016	1 921 897	186 274	+ 10.7	30 119	÷ 1.5
Geiter:							
Under 1 år (kje)	41 810	31 828	28 613	13 197	÷ 31.6	3 215	÷ 10.1
Over 1 år	104 784	90 865	86 944	17 840	÷ 17.0	3 921	÷ 4.3
I alt	146 594	122 693	115 557	31 037	÷ 21.2	7 136	÷ 5.8
Svin:							
Under 4 månader	249 281	225 024	258 070	8 789	+ 3.5	33 046	+ 14.7
Over slaktesvin ..	111 954	127 118	139 651	27 697	+ 24.7	12 533	+ 9.9
4 ale- { rånar	2 250	2 346	2 900	650	+ 28.9	554	+ 23.6
mndr. svin { purker	55 355	51 316	63 383	8 028	+ 14.5	12 067	+ 23.5
I alt	418 840	405 804	464 004	45 164	+ 10.8	58 200	+ 14.3
Høns:							
Vaksne	3 710 906	3 562 480	3 482 101	228 805	÷ 6.2	80 379	÷ 2.3
Kjuklingar	3 031 531	1 721 952	1 952 367	107 9164	÷ 35.6	230 415	+ 13.4

Talet på storfe i alt synte ein liten nedgang — knapt 1 prosent — i høve til året før. Det var litt auke i talet på kviger og oksar mellom 1 og 2 år i høve til 1954. Elles var det nedgang. Talet på kyr gjekk tilbake med 21 000 eller vel 3 prosent. Sidan 1949 har talet på kyr gått tilbake med 111 000 eller vel 14 prosent. Berre i Rogaland var det fleire kyr i 1955 enn i 1949. I dei andre fylka var

det mellom 4 og 23 prosent nedgang. Nedgangen har vori sterkest i Akershus, Hedmark, Buskerud og Vestfold. I desse fylka var nedgangen i høve til 1949 meir enn 20 prosent.

Sauetalet gjekk ned med 30 000 eller 1,5 prosent siste året. I Troms var det ein auke på 11 prosent, og litt auke var det også i Buskerud, Telemark, Aust-Agder, Nordland og Finnmark. Talet på sauvar knapt 11 prosent større i 1955 enn i 1949. Det var berre Østfold, Akershus, Hedmark og Vestfold som hadde færre sauvar enn i 1949. Auken i høve til 1949 har vori relativt sterkest i Buskerud og Finnmark.

Talet på geiter gjekk tilbake med knapt 6 prosent siste året, og det var 21 prosent mindre i 1955 enn i 1949. Berre i Buskerud og Møre og Romsdal var geitetalet i 1955 større enn i 1949.

Talet på svin pr. 20. juni 1955 var 464 000. Berre i 1934 var svinetalet større. Siste året var det ein auke på vel 14 prosent. Av fylka var det berre Telemark som ikkje synte auke — her var talet knapt så stort som i 1954. Auken var serleg sterkt i Nord-Noreg, Vest-Agder og Rogaland. I dei fleste fylka var det sterkt auke i talet på alesvin. Svinetalet i 1955 var 11 prosent større enn i 1949, når ein ser heile landet under eitt, men med sterke variasjonar fylkesvis. I Rogaland var det såleis 63 prosent auke, medan Finnmark hadde 56 prosent færre svin i 1955 enn i 1949.

Talet på vaksne høns gjekk tilbake med 80 000 siste året. Det var ein nedgang på vel 2 prosent. Talet på kjuklingar derimot auka med 230 000 eller vel 13 prosent. Ved teljinga i 1955 hadde ein ikkje med oppgåver over alderen på dei vaksne hønene, men etter tala fra dei siste teljingane var det truleg nokre færre 1-års høner, men fleire 2-års høner i 1955 enn i 1954. Talet på vaksne høns i 1955 var 6 prosent mindre enn i 1949.

Tabell 21 syner husdyrhaldet i 1955 i høve til 1949 og 1954 i dei einskilde fylke.

Tabell 21. Husdyrhaldet i 1955 utrekna som relativtal
i høve til 1949 og 1954.

	Hestar	Storfe	Mjølke-kyr	Sauer	Geiter	Svin	Vaksne høns
a) Relative tal. 1949 = 100.							
Østfold	68.6	93.9	83.3	38.2	—	106.1	98.8
Akershus	71.5	89.2	79.7	64.0	—	99.0	111.0
Hedmark	75.8	87.9	77.0	93.9	74.2	104.0	87.2
Oppland	74.8	92.3	81.1	113.9	92.1	119.1	76.5
Buskerud	77.0	85.2	77.0	139.2	103.2	114.2	97.6
Vestfold	62.9	91.4	79.0	59.6	—	103.0	98.4
Telemark	74.4	90.0	80.5	112.7	75.8	92.4	109.6
Aust-Agder	82.6	91.0	81.0	111.6	—	84.9	82.2
Vest-Agder	82.8	92.6	87.9	105.2	10.7	122.7	84.2
Rogaland	76.6	118.2	100.2	113.7	52.3	162.8	93.0
Hordaland	83.6	94.0	86.2	103.9	82.9	91.8	119.4
Sogn og Fjordane	78.7	100.8	89.9	115.7	90.3	105.6	65.6
Møre og Romsdal	72.8	101.4	89.9	108.8	102.1	85.0	80.2
Sør-Trøndelag	80.1	106.9	95.7	108.8	26.2	96.7	75.5
Nord-Trøndelag	73.6	103.1	90.7	102.9	66.3	137.7	97.1
Nordland	80.3	90.7	82.7	113.0	69.7	76.4	77.5
Troms	84.6	85.5	84.1	124.3	82.3	95.4	102.4
Finnmark	76.4	82.6	87.9	138.9	34.3	43.7	156.4
Bygdene i alt.....	75.8	95.7	85.6	110.7	78.8	110.8	93.8

Tabell 21 (framh.). Husdyrhaldet i 1955
utrekna som relativtal i høve til 1949 og 1954.

	Hestar	Storfe	Mjelkekyr	Sauer	Geiter	Svin	Vaksne høns
b) Relative tal. 1954 = 100.							
Østfold	91.1	95.1	91.7	74.7	—	106.8	96.8
Akershus	94.0	96.0	92.6	74.3	—	105.7	108.7
Hedmark	95.5	97.3	95.2	91.6	94.8	104.9	98.4
Oppland	95.1	99.9	97.1	93.6	86.2	117.1	86.5
Buskerud	96.6	98.0	94.7	102.5	77.9	118.7	100.0
Vestfold	91.5	93.2	91.8	85.3	—	110.8	95.8
Telemark	97.3	96.3	96.9	103.4	98.2	99.4	114.2
Aust-Agder	97.6	104.2	99.0	103.7	—	117.2	104.8
Vest-Agder	98.2	95.6	97.7	97.4	18.1	130.3	95.1
Rogaland	93.9	100.6	98.8	97.4	92.9	128.4	92.4
Hordaland	95.0	96.2	96.2	97.0	96.0	114.3	100.8
Sogn og Fjordane	94.6	98.4	98.1	97.6	96.1	116.3	79.8
Møre og Romsdal	92.7	100.3	97.6	97.0	98.9	118.7	97.6
Sør-Trøndelag	94.6	103.9	101.1	98.8	86.3	118.6	99.1
Nord-Trøndelag	93.9	102.2	99.8	93.2	93.2	123.9	96.0
Nordland	95.0	103.5	98.9	105.4	115.1	127.5	96.3
Troms	99.8	102.4	97.9	111.1	110.4	134.5	119.1
Finnmark	100.2	95.9	96.0	102.5	52.4	288.9	157.4
Bygdene i alt	94.7	99.2	96.9	98.5	94.2	114.3	97.7

Det vart haldi ei representativ husdyrteljing også pr. 31. desember 1955, på same måten som i 1953 og 1954. Teljinga femner berre over 2 prosent av bruken med over 5 dekar jordbruksareal — i 1955 ca. 4 300 bruk. Denne teljinga syner brigda i talet på husdyr både i høve til førre årsskifte og i høve til 20. juni same året.

Tabell 22 syner dyretalet ved årsskiftet i prosent av sumarbuskapen i 1955, 1954 og 1929. Tala for 1907 og 1917 gjeld buskap ved årsskiftet i prosent av buskap pr. 30. september.

Tabell 22. Vinterbuskap i prosent av sumarbuskap.

			Hestar	Storfe	Sauer	Geiter	Svin	Vaksne høns
31/12	1907 i prosent av	30/9 1907....	98.9	94.0	71.2	75.1	51.3	..
1/1	1918	» 30/9 1917....	99.0	94.1	72.5	77.5	51.6	..
1/1	1929	» 20/6 1929....	97.7	91.3	54.6	63.9	52.5	..
31/12	1953	» 20/6 1953....	95.9	96.9	53.4	84.1	81.2	120.4
31/12	1954	» 20/6 1954....	97.1	97.0	54.0	78.2	96.4	121.3
31/12	1955	» 20/6 1955....	95.9	91.1	50.3	72.5	88.3	128.7

Buskapen er jamt over noko mindre om vinteren enn i sumartida. Dette skriv seg frå at det blir sett på relativt mange ungdyr om våren, medan det blir slakta serleg mange dyr om hausten. Desse sesongvariasjonane er ikkje like store for alle husdyr. Skilnaden er minst for hest og storfe. I 1955 var nedgangen frå juni til desember sterkare enn elles. Dette må ein sjå i samanheng med det dårlige førrådet. Nedgangen i kutalet er serleg merkande i Østfold og Vestfold. Desse fylka er mellom dei som vart hardast råka av tørkesumaren.

Tabell 23 syner husdyrtala pr. 20. juni og 31. desember 1955 jamførde med tilsvarande tal for 1953 og 1954.

Tabell 23. Sumar- og vinterbuskap 1953, 1954 og 1955.

	1953		1954		1955	
	20. juni	31. des.	20. juni	31. des.	20. juni	31. des.
Tusen stk.						
Hestar i alt	168	161	159	154	150	144
Storfe:						
Under 1 år	275	240	307	273	301	227
Oksar over 1 år	45	49	53	58	60	54
Kviger.....	134	138	142	149	152	148
Kyr	696	687	679	665	658	638
I alt storfe.....	1 150	1 114	1 181	1 145	1 171	1 067
Sauer og lam	1 985	1 059	1 952	1 055	1 922	967
Geiter og kje.....	119	100	123	96	116	84
Svin:						
Under 4 mndr.	221	152	225	197	258	200
Slaktesvin over 4 mndr.	111	102	127	133	140	144
Alesvin over 4 mndr.	47	54	54	61	66	66
I alt svin	379	308	406	391	464	410
Vaksne høns	3 385	4 076	3 562	4 322	3 482	4 483

Talet på hest, storfe, sau og geit var mindre pr. 31. desember 1955 enn på same tid i 1954, men det var fleire svin og høns.

Hestetalet gjekk ned med ca. 10 000 siste året, mot ca. 7 000 året før.

Talet på storfe i alt gjekk tilbake med 78 000. Av denne nedgangen fall 27 000 på kyr, 46 000 på kalvar under 1 år, 4 000 på oksar over 1 år og 1 000 på kviger. For ungdyr og oksar sett under eitt svarar denne nedgangen om lag til auken frå desember 1953 til desember 1954. For kyrne er det ein samla nedgang på ca. 50 000 sidan desember 1953.

Sauetalet gjekk tilbake med 88 000 siste året. Frå desember 1953 til desember 1954 var det også nedgang, men berre 4 000.

Talet på geiter gjekk siste året tilbake med 12 000, mot 4 000 året før.

Svinetalet pr. 31. desember 1955 var noko større enn året før. Det var auke i alle aldersgruppene — ein auke på i alt 19 000 dyr. Året før var det ein sers sterk auke. Ved utgangen av året 1955 var svinetalet 102 000 større enn på same tid i 1953.

Talet på vaksne høns var ca. 160 000 større i desember 1955 enn i desember 1954 og vel 400 000 større enn i desember 1953.

Frå og med 1936 har Byrået gjennom jordstyra henta inn oppgåver over talet på purker som er para. Oppgåvene kjem no betre inn enn før, men det er framleis ein del herad som ikkje gjev desse opplysningane. Tabell 24 syner resultata av desse oppgåvene, sett som relativtal jamfört med året før. (For kvar månad er det berre teki med oppgåver frå herad som ein også hadde oppgåver frå for same månad året før.)

Tabell 24. Svinehaldet. Talet på paringar i dei einskilde månader i høve til same månad året før.

	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
1945.....	86	83	78	59	53	68	78	80	96	162	163	117
1946.....	106	111	117	167	177	129	110	104	92	85	91	97
1947.....	99	78	73	78	74	75	67	67	76	80	102	109
1948.....	86	110	134	140	136	113	130	161	177	201	166	137
1949.....	148	173	175	139	132	138	140	124	119	99	99	99
1950.....	88	71	63	52	48	57	62	78	85	81	81	87
1951.....	88	92	89	123	137	146	146	124	106	111	101	97
1952.....	101	108	127	110	99	98	93	106	101	97	97	98
1953.....	94	89	84	86	98	99	111	112	131	128	110	100
1954.....	98	113	140	138	131	108	130	145	135	114	103	102
1955.....	121	131	115	110	106	118	126	109	94	87	92	95

Når ein skal døma om desse tala, må ein vera merksam på dei store sesongsvingingar i talet på paringar. Tabell 25 syner dette. Denne tabellen byggjer på oppgåver fra 416 herad som har gjevi melding for kvar månad i dei åra som er med i tabellen. I 1949 var det ein eller fleire rånar i 483 av dei 680 herada i landet. Desse hadde i alt 2 250 rånar. Dei 416 herada svarar altså til 86 prosent av alle herad med rånar i 1949, og den gongen hadde dei 84 prosent av alle rånanane.

Tabell 25. Talet på paringar månadsvise for åra 1952—1955, etter meldingar frå jordstyra i 416 herad.

	Talet på paringar				Relative tal Paringar i året = 100			
	1952	1953	1954	1955	1952	1953	1954	1955
Januar	5 043	4 629	4 463	5 320	10	9	8	9
Februar.....	3 287	2 849	3 260	4 247	7	6	6	7
Mars	3 247	2 684	3 823	4 338	7	6	7	7
April	4 193	3 565	4 894	5 336	8	7	8	9
Mai	4 560	4 385	5 663	6 012	9	9	10	10
Juni	4 287	4 174	4 494	5 281	9	9	8	9
Juli	2 440	2 654	3 261	4 042	5	5	6	7
August	2 143	2 397	3 282	3 556	4	5	6	6
September ..	2 001	2 605	3 373	3 194	4	5	6	5
Oktober	3 330	4 139	4 638	4 079	7	8	8	7
November....	6 603	7 077	7 230	6 603	13	14	13	11
Desember ...	8 337	8 184	8 174	7 633	17	17	14	13
Året	49 471	49 342	56 555	59 641	100	100	100	100

Ein gjer merksam på at desse 416 herada ikkje fell heilt saman med dei som blir nytta ved dei kvartalsvise utrekningane. Dersom ein reknar ut brigda i prosent, månad for månad, for dei 416 herad, vil dei ikkje falla heilt saman med kvartalsrapportane, men skilnaden er oftast ikkje meir enn 1 eller 2 prosent i den eine eller andre leia. Anten ein reknar med dei 416 herada eller etter kvartalsrapportane, syner året 1955 6 prosent auke i talet på paringar i høve til 1954.

Talet på paringar er størst i november og desember. Til vanleg er det månadene juli—september som har færrest paringar. Relativtala for dei to siste åra syner at det har vori ei utjamning mellom månadene i høve til åra før. Månadene november og desember har ein relativt mindre del av paringane no enn tidlegare. I 1953 fall 31 prosent av paringane på desse månadene, mot 24 prosent i 1955. Auken i talet på paringar siste året fall på månadene januar—august. Resten av året 1955 hadde færre paringar enn same tidsromet i 1954.

Tabell 26 gjev eit oversyn over pelsdyrhaldet.

Tabell 26. Talet på pelsdyr.

	Sølvrev	Blårev	Platinarev	Mink
20. juni 1939.....	493 000	29 000	5 000	26 000
1. sept. 1946.....	217 000	107 000	13 000	39 000
20. juni 1949.....	124 000	88 000	10 000	85 000
» » 1950.....	130 000	73 000	6 500	87 000
» » 1951.....	129 000	85 000	4 900	145 000
» » 1952.....	102 000	65 000	3 000	210 000
» » 1953.....	56 000	38 000	3 000	270 000
» » 1954.....	29 000	50 000	1 400	360 000
» » 1955.....	24 000	80 000	1 000	500 000

Fjøskontrollen.

I tabell VII bak i boka er det gjevi eit oversyn over fjøskontrollen i tida 1905—1954. Der finn ein også oppgåver for dei einskilde fylke i 1954.

Talet på kontroll-lag og buskapar og kyr under kontroll var litt mindre i 1954 enn året før. Det har vori nedgang sidan 1951. Talet på kyr i alt her i landet har også gått tilbake. Relativt sett var det difor vel så mange kyr under kontroll i 1954 som i 1953 — knapt 30 prosent i 1954 mot vel 29 prosent i 1953. Det var i alt 975 kontroll-lag i 1954. Desse laga hadde til saman 28 609 buskapar med 200 538 årskyr. I 1953 var det 1 005 lag med 29 048 buskapar og 203 378 kyr.

Medels mjølkemengd pr. ku under kontroll var 3 072 kg. Det var 50 kg mindre enn i 1953. Medels feittprosent var 4,11 i 1954 mot 4,13 i 1953. I 1954 ymsar mjølkemengda pr. ku mellom 3 438 kg i Vestfold og 2 450 kg i Sogn og Fjordane. Feittprosenten ymsar mellom 4,31 i Rogaland og 3,98 i Troms.

Tabellen bak i boka syner også førsamansetjinga. Relativt sett vart det nytta noko meir saftig fôr i 1954 enn i 1953, og litt mindre tørt strafôr og beite. For kraftfôr er det ingen nemnande skilnad.

I «Jordbruksstatistikk 1952» er det gjevi ein noko breiare omtale av fjøskontrollverksemda.

Husdyrprodukta.

I samband med den representative jordbrukssteljinga pr. 20. juni 1955 var det ein etterrøknad over husdyrproduksjonen i teljingsåret 20. juni 1954—20. juni 1955. Prinsippa for etterrøknaden var dei same som ved etterrøknadene i 1946—47 og 1949—50.

Tabell 27. Husdyrhaldet i året

	Buskap pr. 20. juni 1954	Tilgang i året	
		Født	Kjøpt
		Absolutte	
Hestar: Føl	3 539	3 330	509
» 1 og 2 år	5 427	-	969
» 3 år og over	149 710	-	4 648
I alt	158 676	3 330	6 126
Storfe: Spekalvar (under 3 veker)	35 150	632 511	13 715
» Kalvar (3 veker—1 år)	271 468	-	10 958
» Oksar 1—2 år	47 627	-	1 978
» Oksar over 2 år	5 522	-	77
» Kviger (som ikke har hatt kalv)	141 801	-	8 579
» Kyr (som har hatt kalv)	679 326	-	17 582
I alt	1 180 894	632 511	52 889
Sauer: under 1 år (lam)	1 003 038	1 035 179	10 812
» over 1 år	948 978	-	12 169
I alt	1 952 016	1 035 179	22 981
Geiter: under 1 år (kje)	31 828	84 184	1 928
» over 1 år	90 865	-	2 734
I alt	122 693	84 184	4 662
Svin: under 4 månader	225 024	666 414	363 566
» over { slaktesvin	127 118	-	1 420
» 4 { ale- { rånar	2 346	-	686
» mndr. { svin { purker	51 316	-	6 216
I alt	405 804	666 414	371 888
Relative tal. Buskap			
Hestar: Føl	2.23	2.10	0.32
» 1 og 2 år	3.42	-	0.61
» 3 år og over	94.35	-	2.93
Storfe: Spekalvar (under 3 veker)	2.98	53.56	1.16
» Kalvar (3 veker—1 år)	22.99	-	0.93
» Oksar 1—2 år	4.03	-	0.17
» Oksar over 2 år	0.47	-	-
» Kviger (som ikke har hatt kalv)	12.01	-	0.73
» Kyr (som har hatt kalv)	57.52	-	1.49
Sauer: under 1 år (lam)	51.38	53.03	0.55
» over 1 år	48.62	-	0.62
Geiter: under 1 år (kje)	25.94	68.61	1.57
» over 1 år	74.06	-	2.23
Svin: under 4 månader	55.45	164.22	89.59
» over { slaktesvin	31.32	-	0.35
» 4 { ale- { rånar	0.58	-	0.17
» mndr. { svin { purker	12.65	-	1.53

20. juni 1954—20. juni 1955.

Avgang i året					
Sjølvdaude eller slakta s. ubrukande til menneske- føde	Heimeslakta		Selt til slakt	Selt til livdyr	Buskap pr. 20. juni 1955
	til eige bruk bruk	til sal			
tal. Stk.					
95	—	84	591	1 110	3 298
21	12	15	146	962	4 218
768	52	616	8 352	4 966	142 826
884	64	715	9 089	7 038	150 342
17 216	64 764	72 333	144 640	13 781	37 534
4 236	39 405	31 288	65 929	10 739	263 208
410	1 925	11 303	54 266	1 936	54 946
25	67	668	7 559	167	5 499
792	1 157	2 439	12 497	7 785	151 939
4 722	2 579	13 387	88 176	18 823	658 154
27 401	109 897	181 418	373 067	53 231	1 171 280
118 002	278 104	147 410	297 108	18 227	983 845
30 483	61 944	48 186	79 344	9 471	938 052
148 485	340 048	195 596	376 452	27 698	1 921 897
14 713	30 711	12 976	16 344	2 685	28 613
2 923	4 190	3 524	5 366	2 550	86 944
17 636	34 901	16 500	21 710	5 235	115 557
50 074	1 163	1 115	4 349	382 128	258 070
4 629	164 409	66 786	271 827	2 725	139 651
97	258	293	714	401	2 900
1 063	4 440	3 157	15 844	4 630	63 383
55 863	170 270	71 351	292 734	389 884	464 004
pr. 20. juni 1954 = 100.					
0.06	—	0.05	0.37	0.70	2.08
0.01	0.01	0.01	0.09	0.61	2.66
0.48	0.03	0.39	5.27	3.13	90.01
1.46	5.48	6.12	12.25	1.17	3.18
0.36	3.34	2.65	5.58	0.91	22.29
0.03	0.16	0.96	4.60	0.16	4.65
—	0.01	0.06	0.64	0.01	0.47
0.07	0.10	0.21	1.05	0.66	12.87
0.40	0.22	1.13	7.47	1.59	55.73
6.04	14.25	7.55	15.22	0.93	50.40
1.56	3.17	2.47	4.06	0.49	48.06
11.99	25.03	10.58	13.32	2.19	23.32
2.38	3.42	2.87	4.37	2.08	70.86
12.34	0.29	0.27	1.07	94.17	63.60
1.14	40.52	16.46	66.98	0.67	34.41
0.02	0.06	0.07	0.18	0.10	0.71
0.26	1.09	0.78	3.91	1.14	15.62

På teljingsskjemaet var det spørsmål etter talet på fødde og sjølvdaude dyr, kor mange dyr som var slakta (til eige bruk og til sal) og kjøp og sal av livdyr. Desse oppgåvane, saman med oppgåvane over dyretalet pr. 20. juni 1954 og 1955, gav eit fullstendig bilet av omsetnaden innan kvar av desse gruppene: hest, storfe, sau, geit og svin. Det vart òg spurt etter slaktevekta på livdyr og slakt. Dette gav grunnlag for utrekning av tilgang og avgang i tonn. Omframt desse oppgåvane over dyretal og slaktevekter, vart det òg henta inn opplysningar om samla produksjon av mjølk, egg og ull på dei bruaka som var med i teljinga.

Til den representative teljinga i 1955 kom det inn oppgåver frå ca. 21 700 bruk. Det svarar til knapt 10,2 prosent av alle bruk med over 5 dekar jordbruksareal. Ein del av dei bruaka ein fekk oppgåver frå, hadde ikkje husdyr, og på sume skjema var opplysningane så dårlige at oppgåvane ikkje kunne nyttast ved utrekninga av husdyrproduksjonen.

Fylgjande tal syner buskapen pr. 20. juni 1954 ved dei bruaka som er med i produksjonsutrekninga, som absolutte tal og som prosent av dyretalet i alt i alle bygdene under eitt:

	15 410 hestar	= 9,7	prosent av alle hestane i bygdene
	103 760 storfe	= 8,8	» alt storfeet i bygdene
Av dette var	59 526 kyr	= 8,8	» alle kyrne i bygdene
	165 375 sauer	= 8,5	» alle sauene i bygdene
	7 748 geiter	= 6,3	» alle geitene i bygdene
	30 143 svin	= 7,4	» alle svina i bygdene
Av dette var	4 120 alepurker	= 8,0	» alle alepurkene i bygdene

For kvart fylke vart tilgang og avgang i buskapen ved dei bruk som var med i etterrøknaden rekna om til totaltal for fylka — for kvart einskilt dyreslag. Det vart då rekna med at tilgang og avgang stod i same høve til buskapsstorleiken pr. 20. juni 1954 ved alle bruk som ved dei bruaka som var med i etterrøknaden.

Tabell 27 viser talet på husdyr pr. 20. juni 1954 og 1955 for alle bygdene under eitt, og utrekna tal for tilgang og avgang i teljingsåret.

Hestane. Oppalet av hest har i ei årrekke gått tilbake. I 1954—55 vart det født berre vel 3 000 føl. Dette er ca. 2 prosent av hestetalet i 1954, medan heile nettoavgangen i året var vel 7 prosent. Tilgangen var mindre og avgangen større i 1954—55 enn i 1949—50. Det meste av avgangen var voksen hest til slakt, men det vart slakta unghestar og føl òg.

Talet på *storfe* i alt var om lag det same i 1955 som i 1954, men det var litt nedgang i talet på kyr og auke i talet på kviger og oksar. Talet på fødde kalvar var 96,1 pr. 100 kyr, rekna etter kutalet ved slutten av teljingsåret. Dette var noko meir enn i 1949—50, då det var 91,1 kalvar pr. 100 kyr. Det vart født knapt 633 000 kalvar i 1954—55. Samla nettoavgang av storfe var 642 000. Det vart slakta eller selt til slakt 614 000 storfe i alt. Av dette fall 282 000 på spekalv, og 136 000 var kalvar i alderen 3 veker—1 år. 76 000 var oksar, 16 000 kviger og 104 000 kyr. I 1954—55 vart det slakta færre spekalvar, men fleire storfe elles enn i 1949—50. Det var serleg oksar og kyr det vart slakta fleire av i 1954—55.

Om lag 89 000 kviger kom med første kalven sin i teljingsåret. Det var 62,7 prosent av kvigene pr. 20. juni 1954. Tilsvarande prosent i 1949—50 var 60,4. Dette oppalet svarar til 13,1 prosent av talet på mjølkekryr i 1954, medan

samla nettoavgang av kyr var 16,2 prosent. I 1949—50 var oppalet 11,3 prosent og avgangen 11,7 prosent. 83 500 oksekalvar vart påsette til aleoksar eller til slakt. Dette er 157 prosent av talet på oksar pr. 20. juni 1954. I 1949—50 vart det sett på 50 000 oksekalvar, som då svara til 121 prosent.

Talet på sauер var litt mindre i 1955 enn i 1954. Det vart født 1 035 000 lam i året 1954—55. Det er 110 lam pr. 100 vaksne sauere ved slutten av teljingsåret. I 1949—50 vart det født 106 lam pr. 100 vaksne sauere. Nettoavgangen av sau og lam var i alt 1 065 000. Av dette fall 148 000 på sjølvdaude sauere og lam. Rekna i høve til buskapen pr. 20. juni 1954 svarar dette til 7,6 prosent mot 7,8 prosent i 1949—50. Det vart slakta i alt 912 000 sauere og lam. Knapt 80 prosent av desse var lam — om lag som i 1949—50.

Geitehaldet gjekk tilbake også i 1954—55. Talet på fødde kje svara til 97 pr. 100 vaksne geiter ved slutten av teljingsåret mot 84 i 1949—50. I visse strok av landet blir kjea slakta tidleg. For heile landet sett under eitt var berre tredjeparten av dei fødde kjea i live ved teljinga pr. 20. juni 1955. Det er etter måten mange sjølvdaude dyr også når det gjeld kje og geit — 14,4 prosent av buskapen i 1954. I 1949—50 var det 10,4 prosent sjølvdaude. Av 73 000 slakt fall 82 prosent på kjea.

Tabell 28. Medels slaktevekt i kilogram.

	Av livdyr				Slakt 1954—55	
	1927—28	1946—47	1949—50	1954—55	Til eige bruk	Til sal
Hestar:						
Under 1 år (føl)	67.7	65.1	66.0	61.9	—	109.5
1 og 2 år		156.3		168.9	200.0	169.4
3 og 4 år	227.1	211.9	240.6	246.5	283.3	261.2
5—16 år		238.7				
over 16 år		229.5				
Storfe:						
Spekalvar (under 3 veker)	18.2	20.2	19.7	23.5	18.6	18.5
Kalvar (3 veker—1 år)	42.3	41.5	43.7	53.2	49.8	68.9
Oksar 1—2 år	—	110.9	120.4	129.6	128.4	155.6
Oksar over 2 år	206.7	224.6	238.8	262.5	213.0	247.2
Kviger (som ikkje har hatt kalv)	1 ^{94.5}	99.7	109.8	118.2	116.8	129.9
Kyr (som har hatt kalv)	132.7	140.9	151.0	160.4	166.0	163.6
Sauer:						
Under 1 år (lam)	10.3	9.4	7.4	8.5	15.0	15.0
Over 1 år	22.1	23.2	24.1	24.2	24.5	25.1
Geiter:						
Under 1 år (kje)	6.0	5.9	5.4	6.1	5.3	5.0
Over 1 år	16.0	15.4	16.1	16.7	16.1	15.9
Svin:						
Under 4 mndr.	23.5	24.0	26.5	28.2	38.3	40.2
over 4 mndr. { slaktesvin	65.6	64.3	62.9	59.3	89.5	80.6
{ ale- { rånar	124.5	127.7	130.9	129.7	117.3	142.8
svin { purker		124.8	135.4	129.5	137.9	145.0

¹ I 1927—28 gjeld talet både kviger og oksar 1—2 år.

Talet på *svin* auka i teljingsåret. Det gjeld både smågris, slaktesvin og ale-*svin*. Talet på fødde smågrisar svarar til 11,6 pr. purke, når ein reknar med medels purketal for 1954 og 1955. I alt vart det født 666 000 smågrisar i året. Netto-avgangen i året var 608 000 svin i alt. Av desse fall 56 000 på sjølvdaude — mest smågrisar. 534 000 svin vart slakta. Talet på slakt svarar til 132 prosent av talet på svin i alt i 1954. Tilsvarande prosent ved teljinga i 1949—50 var 108. Av slakta gjekk 170 000 til eige bruk og 364 000 til sal. For det tidsromet som teljinga femnar over, syner kjøtkontrollen at 392 000 svineslakt har gått gjennom førstegongskontroll. Ved sida av at teljinga syner eit netto livdyrsal på ca. 20 000 svin — som truleg for det meste kjem i tillegg til talet på slakt — må ein rekna med at tilhøvet mellom slakt til eige bruk og slakt til sal er heller usikert. Dette kjem m. a. av at ein ikkje har seinverges teljingsoppgåver for bruk med inntil 5 dekar jordbruksareal.

Tabell 28 viser medels slaktevekt for dei ymse dyregrupper.

Vektene er i mange høve noko større enn ved tidlegare etterrøknader. I 1927—28 var medelvekta på kyrne (rekna som slaktevekt av livdyra) 133 kg. I 1946—47 var vekta 141 kg, i 1949—50 var det auke til 151 kg og i 1954—55 til 160 kg. Vekta på slakteku til sal var 164 kg i 1954—55, mot 156 kg i 1949—50. Slaktevektene for sau og geit var stort sett som i 1949—50. Medelvektene på slaktesvin var noko mindre i 1954—55 enn i 1949—50. Det gjeld både slakt til eige bruk og slakt til sal.

Etterrøknaden har gjevi opplysningar om dyretalet då teljingsåret tok til og då det slutta, om tilgang og avgang i året og om medelvektene på dyra. På grunnlag av desse oppgåvene har ein rekna ut produksjonen av kjøt og flesk i dei einskilde fylke. Utrekna produksjon femnar over nettoavgangen (slakt, netto livdyrsal og sjølvdaude og naudslakta dyr) og den vekta som brigde i buskapen representerer. Samla produksjon skulle såleis svara til samla tilvokster i året. Tabell 29 viser samla slaktevekt for alle bygdene under eitt.

Tabell 29. Utrekna slaktevekt i tonn 1954—55. Bygdene.

	Buskap pr. 20. juni 1954	Nettoavgang					Brigde i i buskape + -	Produk- sjon i året
		Sjøly- daude	Heime- forbruk	Selt til slakt	Netto liv- dyrsal	Sum		
Hestar:								
Under 1 år (føl)	219.2	4.8	-	73.9	-	-	÷ 13.2	-
1—2 år	916.8	3.2	2.4	27.3	-	-	÷ 203.6	-
3 år og over	36 902.7	189.9	14.7	2 342.7	-	-	÷ 1 708.6	-
I alt	38 038.7	197.9	17.1	2 443.9	99.4	2 758.3	÷ 1 925.4	832.9
Storfe:								
Spekalvar (under 3 veker)	825.3	206.6	1 202.3	4 018.1	-	-	+ 55.6	-
Kalvar (3 veker—1 år)	14 435.1	222.6	1 962.4	6 696.4	-	-	÷ 475.0	-
Oksar 1—2 år	6 172.6	52.3	247.2	10 200.5	-	-	+ 951.5	-
Oksar over 2 år	1 449.3	6.4	14.3	2 033.7	-	-	÷ 3.4	-
Kviger (som ikke har hatt kalv)	16 767.4	93.8	135.2	1 939.8	-	-	+ 1 178.8	-
Kyr (som har hatt kalv)	108 977.8	776.2	428.1	16 619.7	-	-	÷ 3 541.9	-
I alt	148 627.5	1 357.9	3 989.5	41 508.2	122.1	46 977.7	÷ 1 834.4	45 143.3
Sauer:								
Under 1 år (lam)	8 538.0	590.0	4 163.7	6 647.1	-	-	÷ 157.2	-
Over 1 år	22 926.9	726.2	1 518.6	3 195.5	-	-	÷ 220.9	-
I alt	31 464.9	1 316.2	5 682.3	9 842.6	75.7	16 916.8	÷ 378.1	16 538.7
Geiter:								
Under 1 år (kje)	195.0	29.4	161.5	145.2	-	-	÷ 17.1	-
Over 1 år	1 513.1	48.7	67.6	141.3	-	-	÷ 64.0	-
I alt	1 708.1	78.1	229.1	286.5	6.8	600.5	÷ 81.1	519.4
Svin:								
Under 4 mndr.	6 356.5	250.4	44.5	219.8	-	-	+ 918.4	-
Over 4 slaktesvin	7 541.4	273.3	14 712.5	27 301.2	-	-	+ 747.2	-
{ ale- frånar	304.3	12.1	30.3	143.8	-	-	+ 70.8	-
{ svin { purker	6 644.7	139.7	612.1	2 755.2	-	-	+ 1 552.6	-
I alt	20 846.9	675.5	15 399.4	30 420.0	140.4	46 635.3	+ 3 289.0	49 924.3
Til saman.....	240 686.1	3 625.6	25 317.4	84 501.2	444.4	113 888.6	÷ 930.0	112 958.6

Utrekninga gjev oppgåver over: 1. Nettoavgangen som femnar over alt som er teki ut frå buskapen i året — sjølvdaude, slakta og selde dyr — med frådrag av innkjøpte dyr. 2. Produksjonen i året. Det er nettoavgangen med tillegg for auke i buskapen eller frådrag for nedgang. 3. Matnyttig slakt. Det er den delen av nettoavgangen som kjem forbruket til gode. Både nettoavgangen og mengda av matnyttig slakt kan vera større enn produksjonen i året, dersom buskapen er redusert. I 1954—55 gjeld dette serleg for hest.

Tabell 30 syner tala for alle bygdene under eitt.

Tabell 30. Nettoavgang, produksjon og matnyttig slakt.

	Netto- avgang i året Tonn	Brigde i buskapen Tonn	Produksjon i året		Slakta i alt til mat	
			Tonn	Pct.	Tonn	Pct.
Hest.....	2 758.3	÷ 1 925.4	832.9	0.7	2 461.0	2.3
Storfe	46 977.7	÷ 1 834.4	45 143.3	40.0	45 497.7	41.4
Sau	16 916.8	÷ 378.1	16 538.7	14.6	15 524.9	14.1
Geit	600.5	÷ 81.1	519.4	0.5	515.6	0.5
Svin	46 635.3	+ 3 289.0	49 924.3	44.2	45 819.4	41.7
I alt 1954—55 ...	113 888.6	÷ 930.0	112 958.6	100.0	109 818.6	100.0

Nettoavgangen var 114 000 tonn i 1954—55, mot 98 000 tonn i 1949—50. Vel 4 000 tonn av nettoavgangen gjekk bort som sjølvdaude dyr, slakt som var ubrukande til mat og nettosal av livdyr. Resten, 110 000 tonn, var matnyttig slakt. Dette er ca. 16 000 tonn meir enn i 1949—50.

Av matnyttig slakt fall 64 000 tonn på kjøt og 46 000 tonn på flesk. Knapt 10 000 tonn av kjøtet gjekk til heimeforbruk hjå produsentane og 54 000 tonn til sal. Av flesket gjekk vel 15 000 tonn til heimeforbruk og noko over 30 000 tonn til sal. Både for kjøt og flesk var heimeforbruket mindre og salet større enn i 1949—50. Tabell 31 syner heimeforbruket og salet skifta på dei ymse dyreslag i 1954—55 jamført med tidlegare teljingar.

Tabell 31. Slakt til heimeforbruk og sal, rekna etter vekt, skifta på dei einskilde dyreslag. Prosent.

	Heimeforbruk				Sal			
	1927—28	1946—47	1949—50	1954—55	1927—28	1946—47	1949—50	1954—55
Hest	0.5	0.2	0.1	0.1	2.4	7.9	3.2	2.9
Storfe	22.5	23.7	20.3	15.8	55.1	60.2	45.3	49.1
Sau	21.0	19.7	20.5	22.4	11.1	12.9	10.5	11.7
Geit	3.3	1.3	1.0	0.9	0.7	0.8	0.5	0.3
Svin	52.7	55.1	58.1	60.8	30.7	18.2	40.5	36.0
I alt	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0

Fra 1954 til 1955 var det ein nedgang i buskapen på ca. 900 tonn slaktevekt, slik at samla produksjon i 1954—55 vart 113 000 tonn mot knapt 97 000 tonn i 1949—50. Produksjonen var mindre i 1954—55 enn i 1949—50 for hest og geit, men større for storfe, sau og svin. Ved sida av brigda i omfanget av husdyrhaldet og medelvektene, skriv brigda i produksjonen seg frå at det for sume

dyreslag er sett på fleire dyr, for andre færre. Tala i tabell 32 syner produksjonen i året rekna i prosent av den slaktevekt buskapen representerte då teljingsåret tok til. Dette er gjort for kvart dyreslag, jamført med tidlegare teljingar.

Tabell 32. Årsproduksjonen i prosent av buskapsvekta då teljingsåret tok til.

	Hest	Storfe	Sau	Geit	Svin	I alt
1927—28.....	4.6	28.8	50.8	41.5	242.1	39.8
1946—47.....	6.1	22.1	46.4	27.8	185.9	31.5
1949—50.....	2.7	25.2	53.5	29.2	198.8	39.3
1954—55.....	2.2	30.4	52.6	30.4	239.5	46.9

Tabell 34 viser årsproduksjonen av kjøt og flesk i dei einskilde fylke, både som absolutte tal (tonn) og relative tal (kor stor prosent som fell på kvart fylke).

Oppgåvene over produksjonen av mjølk, egg og ull skulle gjelda samla produksjon på bruket. Tabell 33 syner kor mange dyr det er gjevi slike oppgåver for, og kor mykje dette er i høve til totaltala for dei ymse dyreslag.

Tabell 33. Dyr med avdråttsoppgåver i absolutte tal og i prosent av alle dyr.

	Kyr	Mjølkegeit	Høner	Sau og lam
Tal	59 213	5 880	256 088	118 696
Prosent	8.9	6.9	7.4	6.1

På grunnlag av dei totale dyretala og medels avdrått pr. dyr ved bruken i etterrøknaden har ein rekna ut totalproduksjonen i dei einskilde fylke.

Mjølkeproduksjonen er rekna ut etter avdrått pr. årsku og årsgeit og talet på kyr og vaksne geiter rekna som medeltal for 1954 og 1955. Når det gjeld geitene, har ein gjort frådrag for handyra. Det er då rekna med at talet på handyr i høve til vaksne geiter i alt er det same som i 1949. Eggproduksjonen er rekna ut på grunnlag av produksjon pr. høne og medelsdyretalet for 1954 og 1955, med frådrag av hanar etter dei prosenttal som teljinga i 1954 viste. Ullproduksjonen er rekna ut etter ullmengd pr. dyr og samla tal sauvar og lam i 1954.

Medels mjølkemengd pr. ku var 2 314 kg i 1954—55 for alle bygdene under eitt. I 1949—50 var produksjonen 2 092 kg. Auken svarar til 10,6 prosent, men ymsar noko for dei einskilde fylke. Nedgangen i talet på kyr var noko sterkare. Samla mjølkeproduksjon gjekk difor litt tilbake, frå 1 609 000 tonn i 1949—50 til 1 548 000 tonn i 1954—55. I same tidsrommet har mengda av kumjølk til meieria auka frå ca. 950 000 tonn til ca. 1 050 000 tonn. I 1949—50 gjekk ca. 60 prosent av totalproduksjonen til meieria mot knapt 70 prosent i 1954—55.

Medels mjølkemengd pr. geit auka frå 211 kg i 1949—50 til 233 kg i 1954—55. Auken er 10,4 prosent. Også når det gjeld geitene, var nedgangen i dyretalet sterkare enn auken i mjølkemengd pr. dyr. Totalproduksjonen av geitmjølk gjekk tilbake med 6,5 prosent, frå 21 100 tonn i 1949—50 til 19 700 tonn i 1954—55.

Medels eggproduksjon pr. høne var 8,06 kg i 1954—55, mot 7,25 kg i

1949—50. Denne auken svarar til 11 prosent. Det var ein liten nedgang i talet på høns i det same tidsrommet. Den totale eggproduksjonen auka difor berre med 4,7 prosent, frå 26 700 tonn i 1949—50 til 27 900 tonn i 1954—55. Det var auke i eggmengda pr. høne i dei fleste fylka.

Utrekna ullmengd pr. sau (vaksne og lam under eitt) var 1,84 kg i 1954—55, mot 1,78 kg i 1949—50. Auken svarar til vel 3 prosent. Sauetalet auka med 12,5 prosent frå 1949 til 1954. Auken i samla ullproduksjon er vel 17 prosent, frå knapt 3 100 tonn i 1949—50 til 3 600 tonn i 1954—55.

Tabell 34. Husdyrproduksjonen¹ i tonn 1954—55.

	Kjøt					Flesk	Mjølk		Egg	Ull (uvaska)
	Hest	Stor- fe	Sau	Geit	Sum		Ku- mjølk	Geit- mjølk		
Absolutte tal.										
Østfold	65	2 955	19	—	3 039	3 542	102 830	—	2 522	4
Akershus	44	2 948	77	—	3 069	5 415	113 265	—	2 617	25
Hedmark	45	4 131	943	54	5 173	7 176	145 707	2 482	1 519	231
Oppland	102	4 294	1 244	86	5 726	6 872	141 796	5 638	1 266	274
Buskerud.....	54	1 933	540	14	2 541	2 798	71 687	670	1 205	106
Vestfold	40	1 977	23	—	2 040	2 872	59 587	—	2 303	6
Telemark	16	1 319	385	10	1 730	1 881	49 962	377	1 229	77
Aust-Agder	1	594	236	—	831	599	24 507	3	637	50
Vest-Agder	3	944	375	1	1 323	525	45 500	17	998	80
Rogaland	67	3 998	2 458	14	6 537	7 228	166 985	370	7 131	570
Hordaland	61	2 086	1 617	60	3 824	1 563	92 562	1 350	1 936	409
Sogn og Fjordane	120	2 608	1 659	109	4 496	1 563	72 690	2 816	348	380
Møre og Romsdal	60	2 741	1 375	49	4 225	1 423	101 252	1 131	821	316
Sør-Trøndelag ...	74	3 951	1 193	15	5 233	2 453	112 913	473	860	262
Nord-Trøndelag .	38	3 590	899	19	4 546	3 403	99 375	938	1 568	207
Nordland	27	3 226	1 928	37	5 218	435	83 681	1 324	703	336
Troms	13	1 444	1 210	45	2 712	139	50 815	2 023	219	202
Finnmark	3	404	358	6	771	37	12 448	129	77	64
Bygdene i alt...	833	45143	16539	519	63 034	49 924	1 547 562	19 741	27 959	3 599
Relative tal.										
Østfold	7.8	6.5	0.1	—	4.8	7.1	6.6	—	9.0	0.1
Akershus	5.3	6.5	0.5	—	4.9	10.8	7.3	—	9.4	0.7
Hedmark	5.4	9.1	5.7	10.4	8.2	14.4	9.4	12.6	5.4	6.4
Oppland	12.2	9.5	7.5	16.6	9.1	13.8	9.2	28.5	4.5	7.6
Buskerud	6.5	4.3	3.3	2.7	4.0	5.6	4.6	3.4	4.3	2.9
Vestfold	4.8	4.4	0.1	—	3.2	5.7	3.9	—	8.2	0.2
Telemark	1.9	2.9	2.3	1.9	2.8	3.8	3.2	1.9	4.4	2.1
Aust-Agder	0.1	1.3	1.4	—	1.3	1.2	1.6	—	2.3	1.4
Vest-Agder	0.4	2.1	2.3	0.2	2.1	1.1	2.9	0.1	3.6	2.2
Rogaland	8.0	8.9	14.9	2.7	10.4	14.5	10.8	1.9	25.5	15.8
Hordaland	7.3	4.6	9.8	11.6	6.1	3.1	6.0	6.8	6.9	11.4
Sogn og Fjordane	14.4	5.8	10.0	21.0	7.1	3.1	4.7	14.3	1.3	10.6
Møre og Romsdal	7.2	6.1	8.3	9.4	6.7	2.8	6.6	5.7	2.9	8.8
Sør-Trøndelag ...	8.9	8.8	7.2	2.9	8.3	4.9	7.3	2.4	3.1	7.3
Nord-Trøndelag .	4.6	8.0	5.4	3.7	7.2	6.8	6.4	4.8	5.6	5.8
Nordland	3.2	7.1	11.7	7.1	8.3	0.9	5.4	6.7	2.5	9.3
Troms	1.6	3.2	7.3	8.7	4.3	0.3	3.3	10.2	0.8	5.6
Finnmark	0.4	0.9	2.2	1.1	1.2	0.1	0.8	0.7	0.3	1.8
Bygdene i alt...	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0

¹ Produksjon i året, utan omsyn til bruken.

Tabell 35 viser samla husdyrproduksjon i 1954—55 jamførd med oppgåver for tidlegare år.

Tabell 35. Husdyrproduksjonen i tonn. Bygdene i alt.

	Kjøt ¹	Flesk	Kumjølk	Geitmjølk	Egg	Ull (uvaska)
1900.....	36 500	23 500	885 000	25 800	7 138	2 139
1907.....	38 698	31 000	1 038 448	26 930	6 756	2 127
1917.....	44 120	24 000	1 137 040	23 676	9 240	1 981
1929—30.....	54 388	32 509	1 222 578	31 165	16 333	2 346
1939—40.....	64 226	37 674	1 522 363	32 132	21 007	2 677
1946—47.....	49 053	26 589	1 333 851	19 870	9 816	2 618
1947—48.....	46 876	27 021	1 397 672	19 618	14 640	2 717
1948—49.....	51 287	19 979	1 477 753	19 568	21 175	2 770
1949—50.....	54 066	42 628	1 609 024	21 120	26 665	3 067
1950—51 ²	58 394	42 296	1 618 000	19 250	25 823	3 225
1951—52 ²	58 268	41 073	1 578 000	18 250	23 943	3 434
1952—53 ²	57 943	41 983	1 597 000	18 400	24 918	3 536
1953—54 ²	60 288	41 549	1 560 000	18 670	26 942	3 534
1954—55.....	63 034	49 924	1 547 562	19 741	27 959	3 599

¹ Kjøt av hest, storfe, sau og geit. ² Reviderte tal.

Tabell 36 gjev eit oversyn over meieridrifta. Dei siste tre åra har innvegen mjølkemengd ved meieria (og kondenseringsfabrikkane) vori litt over 1 million tonn årleg. Det vart levert litt meir mjølk til meieria i 1955 enn i 1954. Produksjonen av smør og ost skil seg lite ut frå året før.

Oppgåvene over nettovinning pr. kg mjølk kan ikkje utan vidare samanliknast med oppgåver i tidlegare publikasjonar. Meieristatistikken vart lagt om frå og med 1953. Det har ført til ymse brigde i oppgåvene. Rente av partskapital og avskriving blir no rekna med som driftsutgift. Dette gjev seg utslag i litt nedgang i tala for nettovinning pr. kg mjølk.

Tabell 36. Oversyn over meieridrifta.

	Innvegen mjølke- mengd. Tonn	Produsert i alt i tonn						Netto- vinning i øre pr. kg mjølk
		Smør	Mager ost	Feit ost	Kasein	Geit- og fløyte- mysost	Mager mysost og prim	
1939.....	792 621	17 589	1 926	8 678	2 598	5 965	1 834	18.49
1949.....	890 569	10 716	1 759	9 486	3 303	8 621	1 419	46.73
1950.....	991 411	11 532	1 655	12 473	4 056	10 954	447	47.09
1951.....	1 006 770	11 206	2 176	13 697	4 824	12 884	532	48.83
1952.....	997 084	10 246	1 443	16 860	4 348	12 411	412	53.73
1953.....	1 064 231	12 834	1 047	16 425	4 476	9 763	276	55.44
1954.....	1 052 175	10 636	1 194	16 837	4 571	11 697	350	58.97
1955 ¹	1 059 800	10 500	1 300	15 900	3 900	11 300	400	ca. 63.00

¹ Førebels oppgåver.

Tabell 37. Innvegen mjølkemengd for kvar månad. Tonn.

	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
1939..	56 828	55 573	66 944	67 791	79 388	78 521	70 047	63 869	60 828	58 145	53 245	55 554
1949..	57 232	56 310	69 726	81 259	95 681	95 055	82 939	78 179	69 433	63 435	60 376	65 463
1950..	70 888	69 027	85 259	91 597	106125	106628	95 188	86 924	76 746	65 136	60 186	63 750
1951..	71 868	70 387	82 427	97 246	105059	109401	103238	89 381	74 421	68 539	60 208	63 558
1952..	69 508	68 338	80 695	91 047	107794	109476	99 265	84 898	76 828	66 473	62 516	71 729
1953..	77 769	74 020	92 079	105624	117287	120050	103618	92 970	79 459	67 343	61 574	67 129
1954..	71 296	70 143	91 124	102784	114648	119024	105544	92 333	81 160	67 153	65 891	71 461
1955..	75 272	73 279	90 610	104500	115228	119615	106321	90 567	72 735	70 148	67 778	73 724

Tala i tabell 37 gjev eit oversyn over innvegen mjølkemengd månadsvis. Desse tala er korrigerte, og difor fell dei ikkje alltid heilt saman med dei månadsrapportane som blir sende ut etter kvart.

I januar 1955 var innvegen mjølkemengd 6 prosent større enn i januar 1954 og i februar 4 prosent større enn i same månad året før. I mars var det 1 prosent mindre enn i mars 1954. April synte ein auke på 2 prosent, og mai, juni og juli 1 prosent auke i høve til dei same månadene året før. I august 1955 låg mjølkemengda ved meieria 2 prosent lægre enn same månad året før, medan september synte ein nedgang på 10 prosent. I oktober var mjølkemengda 4 prosent større, og i november og desember 3 prosent større enn i dei tilsvarende månader i 1954.

Mjølkemengda til meieria er størst i tida april—juli. Juni er toppmånaden. Det er så nedgang frå månad til månad til og med november. Deretter fylger litt auke i desember, med januar og februar på om lag same nivå som denne månaden og sterkt auke i mars, april og mai.

Ein må ikkje rekna med at brigda i innvegen mjølkemengd skriv seg frå tilsvarende brigde i den totale mjølkeproduksjonen. Serleg gjeld dette når ein samanliknar med åra før krigen. Talet på leverandørar har auka sterkt. Mykje av det mjølkesalet som før gjekk beinveges frå produsent til konsument, går no om meieria.

På Austlandet var den innvegne mjølkemengda i 1955 ca. 4 prosent mindre enn i 1954. Nedgangen var størst i Østfold med 12 prosent og Vestfold med 9 prosent. I Agder var det 1 prosent auke, på Vestlandet 4 prosent, i Trøndelag 5 prosent og i Nord-Noreg 8 prosent auke. Serleg sterkt auke har det vori i Finnmark.

Tabell 38 viser meieriproduksjonen av smør og ost (etter månadsrapportane).

Produksjonen av smør og ost aukar i tida frå januar—februar og framover til juni, då produksjonen er størst. Deretter er det nedgang til november—desember, då produksjonen er minst. Rekkjefylgia mellom månadene er på det nærmeste den same som når det gjeld innvegen mjølkemengd.

Tabell 39 syner talet på kontrollerte slakt i dei einskilde månader i 1955 samanlikna med dei tilsvarende månader i 1952, 1953 og 1954.

Tabell 38. Produksjon av smør og ost ved meieria i dei einskilde månader. Tonn.

	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
Smør.												
1939.....	1 212	1 175	1 470	1 565	1 794	1 923	1 831	1 431	1 411	1 324	1 220	1 201
1949.....	708	559	818	1 243	1 595	1 610	1 250	817	699	509	474	446
1950.....	652	607	903	1 148	1 547	1 710	1 444	1 109	941	586	516	392
1951.....	650	604	846	1 208	1 374	1 627	1 605	1 068	813	601	429	346
1952.....	605	526	698	971	1 303	1 623	1 296	881	822	562	493	458
1953.....	702	652	917	1 615	1 987	2 049	1 548	1 235	916	504	376	340
1954.....	501	549	834	1 101	1 310	1 672	1 316	998	810	471	435	388
1955.....	612	577	916	1 271	1 474	1 678	1 364	839	540	423	421	392
Kvit ost.												
1939.....	805	703	831	965	1 051	1 057	898	767	852	871	712	643
1949.....	578	477	758	1 233	1 435	1 513	1 229	1 037	824	652	553	659
1950.....	864	753	1 165	1 514	1 735	1 924	1 580	1 371	1 244	778	605	645
1951.....	917	849	1 186	1 674	1 830	2 017	1 981	1 589	1 293	1 106	696	663
1952.....	953	862	1 204	1 709	2 119	2 370	2 213	1 729	1 653	1 127	970	1 065
1953.....	1 318	1 221	1 696	1 866	2 017	2 207	1 881	1 687	1 468	824	545	624
1954.....	846	818	1 410	2 002	2 204	2 429	2 203	1 784	1 589	921	690	752
1955.....	902	880	1 369	1 956	2 153	2 401	2 033	1 520	1 325	1 077	777	849
Brun ost.												
1939.....	550	564	711	688	799	808	725	607	554	570	500	483
1949.....	539	532	821	1 066	1 300	1 285	1 068	900	677	556	555	663
1950.....	917	897	1 228	1 218	1 362	1 369	983	791	692	598	574	673
1951.....	946	970	1 188	1 433	1 470	1 508	1 428	1 134	901	804	668	749
1952.....	1 035	1 022	1 237	1 333	1 467	1 387	1 365	1 058	763	516	671	876
1953.....	1 065	968	1 140	993	1 026	1 052	877	660	572	523	458	593
1954.....	765	759	1 228	1 286	1 363	1 400	1 370	1 030	853	645	634	761
1955.....	876	881	1 061	1 177	1 286	1 392	1 262	973	714	623	617	800

Tabell 39. Talet på kontrollerte slakt. Førstegongskontroll.

	1952	1953	1954	1955	1952	1953	1954	1955
Storfe.								
Hest.								
Januar	20 302	15 661	12 863	16 753	930	606	688	741
Februar	14 497	12 803	11 847	14 801	643	414	590	469
Mars	13 514	15 298	16 804	19 889	512	439	659	444
April	13 231	14 581	18 129	18 756	445	329	640	344
Mai	14 249	16 583	19 189	23 127	288	316	474	355
Juni	10 868	14 194	17 196	23 825	319	383	514	389
Juli	7 472	8 189	10 345	13 339	330	269	368	241
August	13 164	12 505	14 894	18 741	349	392	519	267
September	17 563	17 424	17 979	26 867	618	1 041	858	648
Oktober	24 417	22 613	25 062	37 175	1 661	2 198	2 060	1 478
November	20 149	17 021	21 249	36 025	1 683	1 734	1 902	1 652
Desember	15 701	16 242	16 490	19 748	717	1 161	803	670
Til saman.....	185 127	183 114	202 047	269 046	8 495	9 282	10 075	7 698

Tabell 39 (framh.). Talet på kontrollerte slakt.
Førstegongskontroll.

	1952	1953	1954	1955	1952	1953	1954	1955	
	Svin.					Sau.			
Januar	21 619	30 219	20 554	23 158	12 598	13 537	10 070	9 556	
Februar.....	24 716	31 054	23 120	36 242	7 290	5 982	5 358	4 995	
Mars	32 740	42 732	38 797	51 486	3 719	5 259	3 060	4 418	
April	35 699	35 551	38 075	35 689	3 229	4 631	2 743	2 595	
Mai	27 475	25 844	31 190	38 951	2 682	3 421	2 902	2 853	
Juni	24 071	21 498	26 404	36 610	1 605	3 542	3 009	3 199	
Juli	25 181	19 342	24 029	31 205	9 739	27 009	13 364	11 537	
August	22 644	17 039	25 012	34 599	40 044	53 747	44 256	46 151	
September	26 776	18 740	23 651	30 908	69 463	81 975	84 332	85 347	
Oktober	27 710	27 909	23 293	30 519	157 022	171 251	176 820	193 854	
November	26 450	23 285	26 635	41 721	60 263	52 920	53 007	85 349	
Desember	36 002	32 913	47 288	61 290	13 506	11 089	9 679	10 808	
Til saman.....	331 083	326 126	348 048	452 378	381 160	434 363	408 600	460 662	
	Spekalv.					Gjøkalv.			
Januar	17 969	17 694	14 685	14 893	1 424	1 470	1 082	1 014	
Februar.....	17 111	16 890	15 090	15 029	1 562	1 374	1 227	1 030	
Mars	24 730	27 044	25 810	28 488	1 512	1 711	1 771	1 806	
April	28 511	25 452	24 012	33 003	1 827	1 769	2 107	1 888	
Mai	16 990	14 675	14 504	16 498	2 204	2 174	2 037	2 256	
Juni	9 439	9 444	9 462	11 896	1 859	2 531	2 232	2 638	
Juli	7 603	6 555	6 257	7 559	1 340	1 836	1 667	1 721	
August	5 321	4 399	4 424	6 060	1 400	1 681	1 420	1 813	
September	6 560	6 366	6 515	9 254	1 692	2 089	1 662	2 149	
Oktober	13 520	11 576	11 761	15 452	2 254	1 995	1 860	2 265	
November.....	13 362	11 020	12 207	17 386	1 035	990	1 160	1 349	
Desember	10 852	10 357	11 166	14 248	1 023	1 021	969	870	
Til saman.....	171 968	161 472	155 893	189 766	19 132	20 641	19 194	20 799	

Først frå og med juli månad 1951 har ein fått oppgåver frå Veterinærdirektoratet over talet på slakt som er synfari på ny. Tidlegare fekk ein berre oppgåver over kor mykje som var kontrollert i alt. Slakt som var synfari på ny, vart registrert som kontrollert kvar gong det gjekk gjennom kontrollen.

Tala i tabell 39 gjeld slakt som er kontrollert for første gong. Tabellen syner at det vart kontrollert langt fleire slakt av storfe, svin, sau og spekalv i 1955 enn i 1954. Også for gjøkalv var det auke, medan talet på hesteslakt var ein god del lægre enn i 1954.

Tabell 40 gjev eit oversyn over kor mykje slakt det er som er synfari på ny. Tabellen gjev desse tala i prosent av talet på slakt som er kontrollert for første gong.

Tabell 40. Talet på slakt som er synfari på ny.
Prosent av førstegongskontroll.

	Storfe	Hest	Svin	Sau	Geit	Spekalv	Gjøkalv
Året 1952.....	16.8	9.2	22.0	24.2	9.4	4.8	6.9
» 1953.....	20.2	12.8	26.3	34.0	24.6	5.7	8.6
» 1954.....	20.0	16.1	22.7	31.9	22.3	6.3	7.3
» 1955.....	14.1	17.4	23.8	22.7	35.6	12.4	12.2

Ny synfaring er relativt mest vanleg for sau-, geit- og svineslakt. Tala er minst for kalveslakt. Av tabellen ser ein at det kan vera sterke variasjonar frå år til år. I høve til 1954 syner relativtala for 1955 sterk auke for geit og kalv og nedgang for storfe og sau.

Det slaktet som går gjennom ny synfaring er i første rekke slakt som er sendt vidare til ein annan stad, der det er kontrollstasjon, og slikt som blir marknadsført etter at det har legi på fryselager.

Tabell 41 syner overslag over talet på skinn som vart produserte i pelsdyrgardane.

Tabell 41. Talet på skinn frå pelsdyrgardane.

	Sølvrev	Blårev	Platinarev	Mink
1939—40.....	370 000	21 000	2 000	16 000
1948—49.....	107 000	70 000	9 000	55 000
1949—50.....	80 000	71 000	7 500	58 000
1950—51.....	70 000	56 000	4 500	55 000
1951—52.....	88 000	72 000	4 900	85 000
1952—53.....	83 000	58 000	2 400	145 000
1953—54.....	46 000	28 000	2 700	181 000
1954—55.....	20 000	33 000	1 200	231 000
1955—56.....	18 000	62 000	800	350 000

I tabell 42 er det gjevi eit oversyn over utførselen av pelsskinn. Tala gjeld tidsrommet 1. juli det eine året—30. juni det andre året.

Tabell 42. Utførsel av ureidde pelsskinn.

	Sølvrev		Blårev		Platinarev		Mink	
	Talet på skinn	Verde i 1000 kr.	Talet på skinn	Verde i 1000 kr.	Talet på skinn	Verde i 1000 kr.	Talet på skinn	Verde i 1000 kr.
1949—50....	109 357	12 857	93 416	8 084	9 175	1 318	63 856	4 906
1950—51....	73 352	9 712	54 305	5 195	6 078	977	48 744	6 568
1951—52....	103 923	9 682	78 204	5 200	4 232	497	74 257	7 646
1952—53....	39 363	3 219	27 744	1 797	958	132	138 303	11 957
1953—54....	58 571	4 383	64 033	4 846	1 559	180	175 094	17 912
1954—55....	42 697	3 644	24 510	3 652	3 093	298	242 509	29 197

Tala i tabell 42 samsvarar til dels därleg med oppgåvene i tabell 41. Dette skriv seg mellom anna frå at til sine tider blir det berre ført ut ein del av skinnproduksjonen i året, til andre tider blir det ført ut skinn som har legi over frå tidlegare år, ved sida av ein større del av det som er produsert i året.

Lønene i jordbruket 1955—56.

Kvart år frå og med driftsåret 1915—16 er det henta inn oppgåver over lønene i jordbruket. Dei første åra var det Selskapet for Norges vel som henta inn oppgåvene. Frå og med 1923—24 er det Byrået som har denne statistikken. Dei oppgåvene ein hadde tidlegare var fem-årlege.

Oppgåvane blir henta inn på spørjeskjema som kvart år i januar blir sende til fire gardbrukarar i kvart herad. For driftsåret 1955—56 har det komi inn 1 175 oppgåver.

Oppgåvane skal gjelda den arbeidsløn som *ålm̄ent blir betalt* i heradet. Det er altså ikkje individuelle lønsoppgåver. Ein spør etter lønene for menn og kvinner, serskilt for sumar- og vinterhalvåret, både for meir faste arbeidarar (tenarar og fjøsrøktarar) og for dagarbeidarar. Under dagarbeid skil ein mellom ymse arbeid, både på arbeidsgjевaren sin kost og på eigen kost. Når det gjeld skogsarbeid, spør ein også etter prisen for hogging av tømmer og ved på akkord.

På grunnlag av dei oppgåvene som kjem inn, reknar ein ut lønene som medeltal. Både fylkes- og rikstala er uvegne medeltal av tala frå dei herad som har gjevi oppgåver. Dei oppgåvene ein får inn på denne måten, ymsar mykje. Medeltala dekkjer såleis over store variasjonar.

Tabellane VIII og IX bak i boka viser medellønene for bygdene dei to siste åra og fylkestal for 1955—56 for alle dei grupper av lønsmottakarar som ein har oppgåver for. I tabell X er tala jamførde med oppgåvene for 1938—39 og 1954—55. Utviklinga for bygdene under eitt ser ein av tabell 43.

Tabell 43. Arbeidsløn i kroner.

	Årsløn (til de tte kjem kost og losji)		Dagløn på eigen kost i sumarhalvåret						Dagløn for skogsarb. i vinter- halvåret	Medels dagsforte- neste for skogskøy- ring (mann og hest)	
			I våronna		I slåtonna		I skurdonna				
	Ten- nest- gutar	Ten- nest- gjenter	Menn	Kvin- ner	Menn	Kvin- ner	Menn	Kvin- ner	På arbgj. kost	På eigen kost	
1938—39	576	382	5.23	3.46	5.68	3.65	5.35	3.59	3.79	5.41	8.84
1939—40	624	411	5.55	3.68	6.05	3.89	5.65	3.82	4.13	5.87	9.65
1949—50	2 783	1 678	18.27	12.32	19.25	12.80	18.44	12.52	15.59	19.63	29.88
1950—51	2 994	1 829	19.62	13.26	20.59	13.77	19.64	13.42	16.97	21.39	31.10
1951—52	3 347	2 041	21.94	14.91	22.98	15.53	22.14	15.29	19.97	24.80	36.99
1952—53	3 679	2 251	24.11	16.28	25.11	16.85	24.34	16.50	21.58	26.66	38.90
1953—54	3 773	2 334	25.23	17.13	26.09	17.82	25.24	17.54	22.34	27.77	40.47
1954—55	4 011	2 531	26.49	18.38	27.52	18.93	26.94	18.83	24.03	29.11	42.40
1955—56	4 299	2 690	27.89	19.47	28.87	20.14	28.19	19.85	25.29	30.78	45.18

Oppgåvane over årsløn til tenestgutar, tenestgjenter og fjøsrøktarar gjeld kontantløn for folk med kost og losji hjå arbeidsgjevaren. Verdet av kost og losji kjem såleis i tillegg.

Årløna på arbeidsgjevaren sin kost var kr. 4 299 for tenestgutar i 1955—56. For tenestgjenter var løna kr. 2 690. Årløna for manlege fjøsrøktarar (større fjøs) var kr. 5 509 og for kvinnelege fjøsrøktarar kr. 3 391. Desse årslønene var 5—7 prosent høgre enn året før. Frå 1953—54 til 1954—55 var auken 6—8 prosent.

Det er sterke variasjonar i lønene, både distriktsvis og innan dei einskilde herad.

Som i tidlegare år, er lønene stort sett høgst på Austlandet og i Rogaland, der fylkestala for tenestgutar låg mellom kr. 4 600 og kr. 5 100. I dei andre fylka på Vestlandet ymsa det mellom kr. 3 600 og kr. 4 000, i Agder mellom kr. 4 400 og kr. 4 800, i Trøndelag mellom kr. 4 100 og kr. 4 400 og i Nord-Noreg mellom kr. 3 500 og kr. 3 600. For tenestgjenter låg årlønene mellom kr. 3 100 og kr. 3 500.

på Austlandet og i Rogaland. På Vestlandet elles og i Trøndelag låg dei mellom kr. 2 500 og kr. 2 800, i Agder på vel kr. 2 800 og i Nord-Noreg mellom kr. 1 900 og kr. 2 200. Brigda i høve til lønene året før ymsar noko frå fylke til fylke. Dette ser ein av tabell 44.

Tabell 44. Arbeidsløn 1955—56 jamførd med 1938—39 og 1954—55.

	Menn						Kvinner											
	1938—39			1954—55			Brigde i prosent frå			1938—39			1954—55			Brigde i prosent frå		
	Kr.	Kr.	Kr.	1938—39	1954—55	39 til 55	Kr.	Kr.	Kr.	1938—39	1954—55	56 til 56	Kr.	Kr.	Kr.	1938—39	1954—55	56 til 56
	Årløn for tenarar.																	
Østfold	691	4 673	4 922	+ 612.3	+ 5.3		522	3 032	3 516	+ 573.6	+ 16.0							
Akershus	721	4 802	5 050	+ 600.4	+ 5.2		547	3 239	3 513	+ 542.2	+ 8.5							
Hedmark	664	4 523	4 635	+ 598.0	+ 2.5		444	3 054	3 081	+ 593.9	+ 0.9							
Oppland	649	4 347	4 974	+ 666.4	+ 14.4		452	2 939	3 117	+ 589.6	+ 6.1							
Buskerud	671	4 793	5 062	+ 654.4	+ 5.6		498	3 018	3 201	+ 542.8	+ 6.1							
Vestfold	669	4 518	4 765	+ 612.3	+ 5.5		513	3 086	3 152	+ 514.4	+ 2.1							
Telemark	647	4 500	4 748	+ 633.8	+ 5.5		442	3 054	3 134	+ 609.0	+ 2.6							
Aust-Agder	678	4 242	4 497	+ 563.3	+ 6.0		441	2 698	2 836	+ 543.1	+ 5.1							
Vest-Agder	600	4 353	4 746	+ 691.0	+ 9.0		390	2 738	2 832	+ 626.2	+ 3.4							
Rogaland	644	4 506	4 876	+ 657.1	+ 8.2		419	2 859	3 201	+ 664.0	+ 12.0							
Hordaland	521	3 749	3 858	+ 640.5	+ 2.9		354	2 480	2 674	+ 655.4	+ 7.8							
Sogn og Fjord.	542	3 720	4 038	+ 645.0	+ 8.5		378	2 636	2 798	+ 640.2	+ 6.1							
Møre og Romsd.	440	3 483	3 644	+ 728.2	+ 4.6		308	2 392	2 463	+ 699.7	+ 3.0							
S.-Trøndelag	466	3 764	4 056	+ 770.4	+ 7.8		320	2 409	2 468	+ 671.3	+ 2.4							
N.-Trøndelag	534	3 946	4 359	+ 716.3	+ 10.5		345	2 420	2 622	+ 660.0	+ 8.3							
Nordland	510	3 215	3 507	+ 587.6	+ 9.1		267	1 860	1 953	+ 631.5	+ 5.0							
Troms	532	3 439	3 588	+ 574.4	+ 4.3		261	1 814	1 859	+ 612.3	+ 2.5							
Finnmark	492	3 081	3 556	+ 622.8	+ 15.4		295	1 952	2 217	+ 651.5	+ 13.6							
Bygdene i alt	576	4 011	4 299	+ 646.4	+ 7.2		382	2 531	2 690	+ 604.2	+ 6.3							
Dagløn i slattonna på eigen kost.																		
Østfold	6.10	27.90	29.92	+ 390.5	+ 7.2		4.53	21.00	21.35	+ 371.3	+ 1.7							
Akershus	5.81	26.81	29.24	+ 403.3	+ 9.1		4.11	21.08	21.62	+ 426.0	+ 2.6							
Hedmark	5.32	26.06	27.00	+ 407.5	+ 3.6		3.63	19.22	20.39	+ 461.7	+ 6.1							
Oppland	5.10	26.73	27.72	+ 443.5	+ 3.7		3.47	19.46	19.38	+ 458.5	÷ 0.4							
Buskerud	5.92	30.21	30.44	+ 414.2	+ 0.8		3.97	20.28	20.41	+ 414.1	+ 0.6							
Vestfold	6.37	28.68	29.80	+ 367.8	+ 3.9		4.15	22.39	23.69	+ 470.8	+ 5.8							
Telemark	6.06	29.71	32.21	+ 431.5	+ 8.4		3.79	19.35	21.89	+ 477.6	+ 13.1							
Aust-Agder	6.21	28.69	29.52	+ 375.4	+ 2.9		3.63	17.58	18.02	+ 396.4	+ 2.5							
Vest-Agder	6.80	28.63	29.49	+ 333.7	+ 3.0		4.06	17.51	18.39	+ 353.0	+ 5.0							
Rogaland	5.96	27.35	29.47	+ 394.5	+ 7.8		4.04	19.29	21.89	+ 441.8	+ 13.5							
Hordaland	5.51	26.06	27.75	+ 403.6	+ 6.5		3.62	17.72	18.87	+ 421.3	+ 6.5							
Sogn og Fjord.	4.80	25.91	26.67	+ 455.6	+ 2.9		3.35	18.22	19.17	+ 472.2	+ 5.2							
Møre og Romsd.	5.30	26.59	27.64	+ 421.5	+ 3.9		3.53	18.89	20.14	+ 470.5	+ 6.6							
S.-Trøndelag	5.07	27.94	29.55	+ 482.8	+ 5.8		3.56	20.58	22.12	+ 521.3	+ 7.5							
N.-Trøndelag	5.09	26.76	27.63	+ 442.8	+ 3.3		3.43	18.13	20.45	+ 496.2	+ 12.8							
Nordland	5.54	27.53	29.19	+ 426.9	+ 6.0		3.10	18.02	18.98	+ 512.3	+ 5.3							
Troms	5.28	28.72	29.15	+ 452.1	+ 1.5		2.93	19.12	19.33	+ 559.7	+ 1.1							
Finnmark	6.20	28.85	30.10	+ 385.5	+ 4.3		3.76	19.17	21.54	+ 472.9	+ 12.4							
Bygdene i alt	5.68	27.52	28.87	+ 408.3	+ 4.9		3.65	18.93	20.14	+ 451.8	+ 6.4							

For dagarbeidarar får ein oppgåver over løna både på arbeidsgjeveren sin kost og på eigen kost. I 1955 var medels dagløn for menn på arbeidsgjeveren sin kost: våronn kr. 23,12, slåttonn kr. 24,26 og skurdonn kr. 23,45. Dagløna på eigen kost var i same rekjkjefylge: kr. 27,89, kr. 28,87 og kr. 28,19. Dette er ein lønsauke på kr. 1,20—1,40 pr. dag i høve til året før. Denne auken svarar til 5—6 prosent. Medels dagløn for kvinner på arbeidsgjeveren sin kost var i 1954: i våronna kr. 15,39, i slåttonna kr. 16,35 og i skuronna kr. 15,88. Dagløna på eigen kost var i same rekjkjefylge: kr. 19,47, kr. 20,14 og kr. 19,85. Lønsauken i høve til året før svarar til kr. 0,80—1,20 pr. dag eller 5—6 prosent.

Dagløna for anna gardsarbeid er noko lægre enn for onnearbeid, medan dagløna for grøfting er noko høgre. For handverksarbeid var dagløna 28—29 kroner på arbeidsgjeveren sin kost og ca. 33 kroner på eigen kost. Desse lønnene synte 5—6 prosent auke frå året før.

For skogsarbeid på dagløn var medelløna på eigen kost kr. 30,78 i vinterhalvåret 1955—56, ein auke på 6 prosent i høve til vinteren før. Dagløna for skogskøyring (mann og hest) var kr. 45,18. Det var ein auke på bortimot 7 prosent frå året før. Prisane for hogging var vinteren 1955—56 kr. 15,20 pr. m³ berkt tømmer og kr. 10,40 pr. m³ uberkt tømmer. I høve til vinteren før, var dette ein auke på 9 prosent for berkt tømmer og 12 prosent for uberkt.

Medelprisen for hogging av famneved var kr. 34,83 pr. 60 cm famn. Hogging av reis kom på kr. 2,90 pr. 1 m reis. Auken i høve til vinteren før svarar til 7 prosent.

Fra 1953—54 til 1954—55 auka dagløna for gards-, handverks- og skogsarbeid stort sett med 5—9 prosent.

Ei jamføring med lønnene i 1938—39 syner at årsløna for menn på arbeidsgjeveren sin kost var vel 7 gonger så høg i 1955—56. Auken var knapt så stor for kvinner. Dagløna for gards- og skogsarbeid på arbeidsgjeveren sin kost var vel 6 gonger så høg som i 1938—39, og løn på eigen kost ca. 5 gonger så høg.

Verdsetjinga av kosten hjå arbeidsgjeveren får ein eit uttrykk for ved å samanlikna løn på eigen kost og løn på arbeidsgjeveren sin kost. Verdsetjinga av kosten var ikkje nemnande høgre i 1955—56 enn i 1954—55. For dei lønskategoriar som ein har slike oppgåver for, ymsar kostdagsverdet mellom kr. 4,20 og kr. 5,30 for menn og mellom kr. 3,80 og kr. 4,10 for kvinner, rekna som medeltal for heile landet.

Lønsavtalen fra 1954 — mellom Jordbrukets Arbeidsgiverforening og Norsk Skog- og Landarbeiderforbund gjekk ut 15. januar 1956. 12. januar vart det semje om nye lønssatsar. Den nye avtalen vart gjord gjeldande frå 1. mars 1956, då ein venta ny prisavtale for jordbruket frå denne dato. Den leiande lønssatsen vart auka med 45 øre pr. time — ein auke på ca. 16 prosent. Auken — rekna i prosent — ymsa elles noko for dei einskilde satsane. Satsane er normalønssatsar, som før.

For gardsarbeidarar blir det ikkje lengre gjevi satsar for månadsløn, men ein kan framleis gjera avtale om månadsløn på grunnlag av timeløna og rekna etter 200 timer pr. månad. For røktarar og kvinneleg innehjelp er det framleis lønssatsar pr. månad. Frådraget for naturali vart auka. Frådraget for kost er kr. 4,00 pr. dag eller kr. 120,00 pr. månad. For losji er frådraget frå kr. 35,00 til kr. 50,00 pr. månad. Tidlegare var satsane kr. 3,85 pr. dag for kost og kr. 30,00 pr. månad for losji. Arbeidarar med eige hushald skal ha høve til å kjøpa det dei treng av produkt frå bruket, verdsette etter vanleg pris ved sal frå bruket.

Tabell 45 syner nokre av dei vanlege satsane.

Tabell 45. Nokre tariffsatsar frå lønsavtalane.

	Gardsarbeidar over 21 år med 4 års praksis		Fjøsrektar ved fjøs med 15—19 kyr	Kvinneleg innehjelp over 20 år
	med månadsløn	med timeløn (fast arbeid)		
Frå 15. jan. 1950..	Kr. pr. mnd.	Kr. pr. time	Kr. pr. mnd.	Kr. pr. mnd.
» 15. okt. 1950..	337.00	1.80	385.00	1 140.00
» 15. april 1951..	406.00	2.15	425.00	1 168.00
» 15. okt. 1951..	448.00	2.36	464.00	1 199.50
» 15. jan. 1952..	488.00	2.56	510.00	1 227.50
» 15. jan. 1953..	496.00	2.60	554.00	1 255.00
» 14. april 1954..	536.00	2.80	563.00	1 264.00
» 1. mars 1956..	..	3.25	607.00	1 264.00
			707.00	2 470.00

¹ Med fri kost og losji.² Kost og losji medrekna.

Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel m. m.

I januar 1954 vart det vedteki ei ny prislov som kom i staden for dei tidlegare mellombels prislovene. For dei fleste jordbruksvarene vart det då slutt på dei ekstraordinære prisreguleringstiltaka, men for den viktigaste varegruppa — mjølk og mjølkeprodukt — har det framleis vori maksimalprisar i samband med prissubsidiering.

I juni 1954 vart det semje om ny prisavtale for jordbruket for budsjettåret 1954—55. Avtalen galdt auke av prisane på mjølk og mjølkeprodukt og brigde i reglane for tilskot til desse varene. Dessutan skulle det bli ei trygd mot prisfall på salsulla. Det vart gjort brigde i reglane for fraktkort til slakt og i satsane for tilskot til kunstgjødsel for mindre bruk.

Dersom denne avtalen ikkje vart oppsagd frå ein av partane innan avtala frist, skulle han gjelda til 30. juni 1956.

Norges Bondelag sa opp korttidsavtalen i slutten av mai 1955, medan Norsk Bonde- og Småbrukarlag ville drøfta prisspørsmåla med styresmaktene utan å seia opp avtalen. Finansdepartementet godtok ikkje dette som rettsgild oppseing, og rekna jordbruksavtalen lengd til 30. juni 1956. Det var skilde meininger både om den reint formelle sida av denne saka og om sertiltak i samband med den aktuelle tørkesituasjonen skulle få prioritet framfor meir generelle tiltak.

Den 2. september gav Regjeringa melding om ei rekjkje tiltak for å bøta på dei verste fylgjene av tørken. Det vart gjevi ekstrarasjonar av subsidiert kraftfør til mjølkekryr i fylka på Austlandet og i Agder, i Rogaland og luter av Sør-Trøndelag. I dei same distrikta, med unnatak av Rogaland, fekk mjølkeprodusentane eit omframtilskot på 8 øre pr. kg mjølk, eller kr. 1,50 pr. kg fjell- og gardssmør. For alle bruk med under 100 dekar dyrka jord, utan omsyn til kva distrikt dei ligg i, vart driftsvansketilskotet for mjølk auka med 50 prosent. Staten skulle dekkja ekstraordinære kostnader til mjølketransport og betala

frakta for stråfør fra Trøndelag til tørkeskadde område. Staten skulle også fremja eksport av kjøt og dekkja frakttilkot for slakt etter gjeldande reglar, utover den summen som tidlegare var løyvd til dette. Dessutan skulle det gjevast høve til auka driftskreditt.

Samstundes vart det gjort framlegg om å taka opp tingingar i januar 1956, med siktet på ein ny prisavtale som skulle gjelda fra 1. mars 1956. I desember gav Stortinget ei løyving på 40,5 mill. kroner til dekking av utgiftene ved hjelpe-tiltaka.

Forutan jordbruksstingane skulle det våren 1956 også vera vidfemnande tariffoppgjer for lønsmottakarar. Det vart freista å forma ut retningsliner for eit sams økonomisk oppgjer. Under arbeidet med dette syntet det seg at organisasjonane ikkje ville gå med på å prolongera prisane og lønene. Etter dette fann Regjeringa det turvande å redusera prissubsidieringa. Frå 20. mars 1956 vart det slutt på subsidiane til sukker, kaffi og råemne til margarin, og reduksjon i subsidiane til brødmjøl. Heile reduksjonen vart avgrensa til ca. 135 mill. kroner årleg — under den føresetnad at ein kunne halda dei økonomiske oppgjera i jordbruket og arbeidslivet elles innan visse grenser som det vart rekna med.

Alt i februar 1956 vart tarifflovene i jordbruket reviderte. For den leiande satsen vart det ein auke på ca. 16 prosent. Dei nye satsane skulle gjelda fra 1. mars 1956.

Først etter langvarige tingingar vart den nye jordbruksavtalen vedteken av partane den 19. april 1956. Avtalen er vilkårsbunden for tida fram til 1. juli 1958, med visse reguleringsføresegner. I avtalen er det vedtak om prisauke på mjølk og mjølkeprodukt og brigde i subsidieringa av kraftfør- og kunstgjødsel-prisane. Det skal skipast eit fond for å sikra omsetnaden av jordbruksvarer og eit fond for tilskot til driftsbygningar.

Det ålmenne prisnivået var etter måten stabilt i 1955. Det var visse brigde i prisane i 1955, men dei slo ut til bære sidene, slik at prisnivået stort sett vart ubrigda. Tabell 46 syner rørlene i det ålmenne prisnivået etter engrosprisindeksen fra Statistisk Sentralbyrå (1938 = 100).

Tabell 46. Oppgåver fra engrosprisindeksen til
Statistisk Sentralbyrå.

	1938	1948	1949	1950	1951	1952	1953	1954	1955
Varer i alt	100	181	184	209	258	276	276	280	281
Jordbruksvarer i alt ...	100	166	166	187	227	240	233	252	251
Vegetabilsk	100	149	148	179	192	195	189	199	204
Animalske	100	174	174	190	242	259	251	275	271

Engrosprisindeksen (tabell 46) syner ikkje heilt ut korleis prisane til norske produsentar har utvikla seg når det gjeld jordbruksvarene — mellom anna på grunn av pristilskota. Prisindeksen for jordbruket, som Norges Landbrukshøgskole utarbeider, byggjer på prisar til produsent. Mengdegrunnlaget for produkta femnar over både sal og forbruk av eigne produkt hjå produsentane.

Tabell 47. Prisindeks for jordbruket fra Norges Landbrukskole. Årsindeks. 1938—39 = 100.

	1948 —49	1949 —50	1950 —51	1951 —52	1952 —53	1953 —54	1954 —55	1955 —56
I. Jordbruksprodukt i alt	247	250	264	287	300	296	326	339
A. Planteprodukt	212	232	267	291	313	287	346	369
1. Korn	227	229	270	301	341	343	356	355
2. Poteter	203	239	273	266	265	249	325	395
3. Høy	251	239	243	337	327	251	221	350
4. Grønsaker og frukt .	182	222	257	304	336	237	391	358
B. Husdyrprodukt	255	254	264	286	297	298	322	332
1. Mjølk.....	251	250	257	279	291	278	307	335
2. Kjøt	248	251	257	271	303	332	361	348
3. Flesk	266	274	279	304	299	332	333	306
4. Egg	271	244	250	298	303	248	256	276
5. Ull	385	384	601	643	401	482	522	491
II. Varer som ein kjøper, i alt .	166	170	212	238	252	256	259	256
A. Produktsjonsmiddel	166	170	215	234	246	248	247	247
1. Kunstgjødsel	123	123	133	144	149	149	147	153
2. Kraftfør	154	159	244	264	262	259	257	252
3. Maskinar, reiskapar.	192	204	207	223	248	246	255	262
4. Bygningar	205	208	210	232	274	285	282	286
5. Ymse	159	164	170	191	205	221	214	222
B. Innkjøpte mat- og kledevarer m. m....	167	168	205	247	263	273	285	273
III. Arbeidsløn.....	395	423	459	511	563	586	626	661

For driftsåret 1955—56 viste indekstalet for jordbruksprodukt i alt ein auke på 4 prosent. Året før var det ein auke på ca. 10 prosent. Siste året var auken størst for planteprodukta, mindre for husdyrprodukta. Indekstala for kjøt og flesk synte nedgang, medan det var auke for mjølk og egg. Det er grunnprisen ved Østlandets Melkesentral som ligg til grunn for indekstalet for mjølk. Pristillegget for tørkedistrikta er rekna med.

Tabell 48 syner hovudtala månadsvise.

Tabell 48. Prisindeks for jordbruket fra Norges Landbruks-høgskole. Månadsindeks. 1938—39 = 100.

	Plante- produkt			Husdyr- produkt			Jordbruks- produkt i alt			Tekniske pro- duksjonsmiddel		
	1953	1954	1955	1953	1954	1955	1953	1954	1955	1953	1954	1955
Januar	307	332	344	306	310	332	306	314	334	248	249	244
Februar.....	309	342	346	296	311	321	299	316	325	248	249	245
Mars	302	354	347	291	308	311	293	315	316	248	249	245
April	295	357	348	277	302	306	279	310	313	248	249	246
Mai	289	361	366	275	299	308	278	309	317	248	249	246
Juni	294	374	395	281	300	310	283	312	323	248	248	246
Juli	292	358	415	286	331	316	287	335	332	248	247	246
August	302	302	537	300	338	318	300	332	352	248	247	245
September	285	295	361	306	338	348	303	331	351	247	247	245
Oktober	280	298	340	313	336	354	308	330	352	248	247	245
November.....	287	319	344	312	336	358	308	333	355	248	247	245
Desember	314	335	351	311	339	359	312	338	358	249	244	247

I første halvår 1955 låg ikkje indekstalet for planteprodukt nemnande høgre enn året før. Siste halvåret var skilnaden stor, særleg i august månad.

Indekstalet for husdyrprodukt låg noko høgre i første halvdelen av 1955 enn året før. I tredje kvartal låg det noko lægre enn i 1954, medan pristillegga førde til auke i fjerde kvartal. For jordbruksprodukt i alt var det heller små brigde i høve til året før, med unnatak av fjerde kvartal.

Kornprisane for avlingsåret 1955 var dei same som året før: 90 øre pr. kg for kveite, 83 øre for rug, 70 øre for bygg og 61 øre for havre.

Trygdsatsane for korn som blir mali til eige bruk vart heller ikkje brigda. Grunnsatsane var 13 øre pr. kg for kveite og rug, 14 øre for bygg og 10 øre for havre (12 øre i visse kyststrok). Til dette kjem desse tillegga for alle kornslag: 6 øre pr. kg for dei første 1000 kg, 4 øre for dei neste 500 og 2 øre for dei fylgjande 500 kg.

Frå og med 1948 har ein også hatt potettrygd. Denne trygda var dels knytt til potetarealet, dels til den potetmassen som blir nytta til silofør. Den vanlege satsen for arealtrygd var 50 kroner pr. dekar i 1953 og 20 kroner pr. dekar i 1954. I 1955 var det ordinær arealtrygd berre i Nord-Noreg og visse fjord- og fjellbygder. Trygda for potetsilo var som året før: 12 øre pr. dm³ for kokt masse og 8 øre pr. dm³ for rå silomasse. Tabell 49 gjev eit oversyn over utbetalt korn- og potettrygd i dei einskilde fylka for budsjettåret 1953—54 (avlingsåret 1953). Elles syner ein til «Jordbruksstatistikk 1954» NOS XI 202. Der er det på side 60—63 gjevi eit oversyn som viser korleis trygda deler seg på bruk av ymse storleik. Desse oppgåvene er frå ei etterrökjing som gjeld budsjettåret 1952—53 (avlingsåret 1952).

Tabell 49. Utbetalt korn- og potettrygd 1953—54.

	Utbetalt trygd i 1000 kroner			Prosentvis delt på fylka		Prosentvis delt på korntrygd og potettrygd	
	Korn- trygd	Potet- trygd	Til saman	Korn- trygd	Potet- trygd	Korn- trygd	Potet trygd
Østfold	2 616	771	3 387	10.3	3.6	77.2	22.8
Akershus	3 217	780	3 997	12.6	3.6	80.5	19.5
Hedmark	4 047	1 798	5 845	15.9	8.4	69.2	30.8
Oppland	4 446	2 262	6 708	17.4	10.5	66.3	33.7
Buskerud	1 628	750	2 378	6.4	3.5	68.5	31.5
Vestfold	1 871	1 662	3 533	7.3	7.7	53.0	47.0
Telemark	617	999	1 616	2.4	4.7	38.2	61.8
Aust-Agder	226	538	764	0.9	2.5	29.6	70.4
Vest-Agder	201	530	731	0.8	2.5	27.5	72.5
Rogaland	1 529	1 989	3 518	6.0	9.3	43.5	56.5
Hordaland	92	741	833	0.4	3.5	11.0	89.0
Sogn og Fjordane	96	820	916	0.4	3.8	10.5	89.5
Møre og Romsdal	592	1 215	1 807	2.3	5.7	32.8	67.2
Sør-Trøndelag	2 189	1 709	3 898	8.6	8.0	56.2	43.8
Nord-Trøndelag	2 044	3 332	5 376	8.0	15.5	38.0	62.0
Nordland	70	1 088	1 158	0.3	5.1	6.0	94.0
Troms	4	419	423	—	1.9	0.9	99.1
Finnmark	—	44	44	—	0.2	—	100.0
Bygdene i alt.....	25 485	21 447	46 932	100.0	100.0	54.3	45.7

Tabell 50 gjev eit oversyn over kjøp og leigemaling av norsk korn og utgiftene til trygd m. m. for kornet.

Tabell 50. Kjøp og leigemaling av norsk korn, utgifter til trygd o.a.

	Statens kjøp av norsk korn ¹	Bygdemlynene: Leigemaling og kjøp ²	Statens utgifter til:	
			Trygd	Innkjøp, frakt o. a. for norsk korn
	Tonn	Tonn	Mill. kr.	Mill. kr.
1938—39.....	72 293	206 711	11.2	1.8
1939—40.....	51 743	201 545	11.6	1.5
1948—49.....	84 893	190 619	24.5	2.5
1949—50.....	45 174	182 056	23.7	1.6
1950—51.....	52 471	186 163	23.7	2.0
1951—52.....	65 812	181 204	26.1	3.0
1952—53.....	80 407	166 986	23.8	3.5
1953—54.....	128 154	176 112	26.6	5.4
1954—55.....	146 186	179 201	26.7	6.3

¹ Frå 1948—49 også bygdemlynene sitt kjøp.

² Frå 1948—49 berre leigemaling.

Etter kornlova pliktar ikkje Statens Kornforretning å kjøpa anna korn enn det som er skikka til mat, men forbodet mot å selja korn og erter av norsk avl til andre enn Kornforretningen, eller slike som er godkjende av Kornforretningen, har ført til at Statens Kornforretning må kjøpa fôrkorn òg. I 1954—55 vart fullgodt fôrkorn kjøpt etter ein pris som svara til 63 øre pr. føreining.

Tabell V bak i boka gjev eit oversyn over samla tilgang og avgang av korn og poteter rekna etter forbruksår.

Tabell 51 viser medelprisane for sume produkt etter oppgåve frå Landbrukets Priscentral. Prisane gjeld prima vare, levert på omsetnadsstaden. Det er medeltal for 6 av dei største byane i landet.

Tabell 51. Prisar til produsent.

	Høy			Poteter			Egg		
	Kr. pr. 100 kg			Kr. pr. 100 kg.			Kr. pr. kg		
	1939	1954	1955	1939	1954	1955	1939	1954	1955
Januar	6.25	20.50	20.00	8.75	24.90	26.62	1.33	3.02	3.32
Februar	6.21	20.50	20.40	9.19	26.75	28.25	1.21	3.08	3.29
Mars	6.13	20.50	21.80	9.05	29.30	28.40	1.16	3.49	3.68
April	6.30	20.42	23.70	8.69	30.00	29.20	1.29	3.63	4.00
Mai	7.06	20.25	27.83	8.35	31.00	30.80	1.20	3.91	4.75
Juni	7.53	20.25	29.50	8.05	33.42	36.17	1.19	3.60	5.00
Juli	7.50	19.50	29.50	10.54	34.82	48.67	1.28	4.28	4.84
August	7.67	19.00	27.00	7.48	22.73	54.70	1.46	4.83	4.55
September	7.98	19.00	27.00	9.92	21.25	30.91	1.66	4.30	4.55
Oktober	8.35	19.00	27.00	10.33	21.54	26.46	1.80	4.23	4.53
November	8.94	19.33	27.00	10.10	23.59	27.71	2.08	4.33	4.53
Desember	9.13	20.00	27.00	10.10	25.63	28.42	1.66	4.19	4.05
Året	7.42	19.85	25.64	9.21	27.08	33.03	1.44	3.91	4.26

Tabell 51 (framh.). Prisar til produsent.

	Oksekjøt			Sauekjøt			Flesk		
	Kr. pr. kg.			Kr. pr. kg			Kr. pr. kg		
	1939	1954	1955	1939	1954	1955	1939	1954	1955
Januar	1.50	5.60	6.15	1.36	5.35	5.50	1.52	5.80	5.40
Februar	1.49	5.75	5.88	1.44	5.47	5.50	1.38	5.80	5.01
Mars	1.46	5.82	5.56	1.57	5.60	5.50	1.32	5.80	4.66
April	1.41	5.96	5.50	1.60	5.60	5.50	1.29	5.53	4.70
Mai	1.38	5.90	5.50	1.63	5.60	5.50	1.36	5.40	4.79
Juni	1.34	5.93	5.50	1.67	5.64	5.50	1.38	5.43	4.90
Juli	1.37	6.15	5.50	1.71	6.00	5.84	1.50	5.55	4.90
August	1.35	6.15	5.50	1.61	6.00	5.00	1.53	5.40	4.90
September	1.49	6.13	5.50	1.53	5.27	5.00	1.64	5.40	4.95
Okttober	1.53	6.13	5.50	1.42	5.00	5.00	1.67	5.40	5.10
November	1.52	6.13	5.50	1.42	5.03	5.00	1.67	5.42	5.18
Desember	1.49	6.13	5.50	1.53	5.50	5.00	1.72	5.60	5.35
Året	1.44	5.98	5.59	1.54	5.51	5.32	1.50	5.54	4.99

I første halvår av 1955 var potetprisane om lag som i same tidsromet året før. Utover i tredje kvartal var det sterkt auke i prisane på poteter og grønsaker. Då denne prisauken kunne føra til avgjerande utslag på levekostnadsindeksen, vart det sett maksimalprisar på matpoteter og grønsaker frå 12. august. Etter kvarter vart det rikeleg tilførsel, og maksimalprisane vart tekne bort frå 4. oktober.

Prisane på frukt og bær var stort sett høgre i 1955 enn i 1954.

Frå 25. august vart det maksimalprisar på høy øg. Ved sal frå produsent var maksimalprisen kr. 25,00 pr. 100 kg pressa vare.

Tilførslane av kjøt og flesk var uvanleg store i 1955, serleg i andre halvåret. Fylgjene av tørkesumaren førde då til auka slakting, serleg av storfe. Prisen på okseslakt gjekk noko ned alt i dei første månadene av 1955. Sidan var dei ubrigda resten av året. I siste halvåret av 1955 var kiloprisen vel 60 øre lægre enn i same halvåret 1954. Utførselen av storfekjøt gjorde sitt til å stabilisera prisnivået. Det vart ført ut 4 500 tonn storfekjøt i 1955. Også fleskeprisane gjekk noko ned i førstninga av året 1955. Seinare gjekk dei noko opp, men gjennom heile året var dei noko lægre enn i 1954. Prisen på sauekjøt gjekk som vanleg ned då slaktesesongen tok til om hausten. I dei fleste månadene var prisen lægre enn året før.

Som vanleg var det eit sterkt fall i eggprisane ved årsskiftet, men prisane steig heller sterkt framover til juli månad 1955. Sidan gjekk dei nedover. Eggprisane var for det meste høgre i 1955 enn i 1954. Det vart ført ut 1 400 tonn egg i 1955, mot knapt 1 000 tonn i 1954 og vel 2 000 tonn i 1953.

Tabellane 52 og 53 syner prisane på mjølk og mjølkeprodukt.

Dei maksimalprisane som vart sette i juli 1954 galdt også i 1955. Utsalsprisen på heilmjølk til bruk i vanlege hushald var 53 øre pr. liter i laust mål (sone I). Tilsvarannde pris ved sal til detaljist var 42,7 øre pr. liter.

Det pristillegget på 8 øre pr. kg mjølk som produsentane fekk i dei strokader tørken hadde gjort skade, vart dekt ved statstilskot. Tillegget galdt frå 1. september 1955 til 1. mars 1956. Etter den nye jordbruksavtalen i april 1956 vart mjølkeprisen ved sal til detaljist auka med i medel 9,5 øre pr. liter. Prisauken skulle få verknad for produsentane frå 1. mars ved etterbetaling av statsmidlar.

Tabell 52. Prisar på mjølk og fløyte. Sone I, laust mål. Øre pr. liter.

	Heilmjølk	Skum- mjølk	Kremfløyte (35 pct. feitt)
Frå 18. februar 1949	45	20	475
» 1. januar 1951	45	20	490
» 25. april 1951	¹ 47	21	510
» 2. mai 1951	¹ 49	21	550
» 17. desember 1951	54	24	595
» 3. juli 1952	56	26	595
» 1. desember 1952 (til vanlege hushald)	45	26	595
» 1. juli 1954 (til vanlege hushald)	53	27	655
» 23. april 1956 (til vanlege hushald)	64	32	770

¹ + 1 øre i Oslo og Bergen meieriområde.

Tabell 53. Prisar på smør og ost, frå meieri til detaljist. Kr. pr. kg.

	Smør	Heilfeit gauðaost	Halvfeit nøkkelost	Blanda geitmysost	Mager mysost
Frå 3. april 1950	6.60	2.90	2.30	2.90	1.20
» 1. januar 1951	6.60	3.55	2.65	3.60	1.35
» 18. mai 1951	6.60	3.85	3.00	3.80	1.45
» 1. januar 1952	6.60	4.35	3.50	4.15	1.80
» 3. juli 1952	6.60	4.55	3.70	4.35	1.95
» 1. juli 1954	7.05	5.20	4.45	5.00	2.65
» 23. april 1956	8.05	6.35	5.60	6.20	3.80

Statstilskotet til mjølkeprisen er dels eit grunntilskot som blir rekna med i grunnprisane når mjølkesentralane gjer opp med produsentane, dels eit driftstilskot som blir rekna ut serskilt for dei einskilde produsentar. Grunntilskotet, som gjeld all meierimjølk, var i medel 14 øre pr. liter frå juli 1954. Driftstilskotet var 6 øre pr. kg for dei første 2 500 kg av årsleveransen pr. bruk, 4 øre pr. kg for dei neste 2 500 kg og 2 øre pr. kg for inntil 2 500 kg meir enn dette. Etter avtalen frå april 1956 skal grunntilskotet vera 12,7 øre pr. liter i medel. Driftstilskotet skal vera 9 øre pr. kg for inntil 5 000 kg mjølk årleg pr. bruk og 5 øre pr. kg for inntil 5 000 kg meir enn dette.

Dei prisane som meieria betalar leverandørane, er ikkje berre resultat av produktprisar og tilskot. Dei vil mellom anna også retta seg etter driftskostnadene ved meieria. Den mjølkeprisen som til slutt kjem produsentane til gode — nettovinninga av meierimjølka — var etter meieristatistikken rekna i øre pr. kg som medeltal for heile landet:

1939	18.49	1952	53.73
1949	46.73	1953	55.44
1950	47.09	1954	58.97
1951	48.83	1955	ca. 63.00

Noteringsprisane på norsk ull har stort sett vori ubrigda sidan oktober 1954. Tabell 54 viser prisutviklinga sidan oktober 1950.

Tabell 54. Prisnoteringar for norsk ull. Kr. pr. kg.

	Sams heilårs- og haustull	Klasse A I	Klasse A Ekstra
Oktober 1950	6.70	10.50	12.45
Desember 1950	9.30	14.50	17.10
Mai 1951	10.40	16.20	19.10
August 1951	6.40	10.00	11.80
Mars 1952	5.80	9.00	10.60
April 1952	4.00	6.20	7.30
Mai 1952	4.70	7.40	8.70
Oktober 1952	5.10	8.00	9.60
Mai 1953	5.80	9.00	10.80
Oktober 1953	5.75	9.50	10.50
1. april 1954	6.85	9.75	10.50
10. mai 1954	7.35	10.25	11.00
11. oktober 1954	7.35	9.75	10.50

I 1955 var det ein utførsel på 734 tonn uvaska ull, mot vel 1 000 tonn i 1954.

I sesongen 1954—55 vart det omsett pelsskinn for ca. 27 mill. kroner ved Oslo-auksjonane, mot 14 mill. kroner i sesongen 1953—54. Det var framleis lett å selja minkskinn, og prisane var høgre enn i 1953—54. Det var sterkt auke i talet på skinn frå dei ymse mutasjonsotypar. Også for reveskinn var avsetnaden lettare og prisane betre enn året før, men omsetnaden gjekk tregare utover i 1955.

Ved desemberauksjonen i 1955 var medelprisane på minkskinn framleis relativt høge, og avsetnaden var god. Det vart lagt fram og selt fleire skinn av mutasjonsmink enn av standard mink. Prisane på reveskinn gjekk sterkt ned ved desemberauksjonen, og salsprosentane var låge.

Eksportverdet av ureidde pelsskinn (med unnatak av sel og kobbe) var 40,7 mill. kroner i 1955, mot 29,2 mill. kroner i 1954. Tabell 55 gjev eit oversyn over skinnprisane ved Oslo-auksjonane.

Tabell 55. Medelprisar for pelsskinn ved Oslo-auksjonane i kroner pr. skinn.

	Sølvrev	Platinarev	Blårev	Standard mink
1949—50.....	179	217	100	91
1950—51.....	172	192	125	151
1951—52.....	127	168	92	97
1952—53.....	80	145	68	79
1953—54.....	84	127	95	95
1954—55.....	99	131	170	110
Desember 1955	79	..	85	106

Tingingane om tømmerprisane for 1954—55 vart svært langvarige. Først i februar 1955 kom ein fram til dei prisar og tilskotsføresegner som skulle gjelda. Makssimalprisen vart sett til kr. 70,00 pr. m³ for midtmålt grantømmer på Austlandet, levert ved vassdrag. I tillegg til dette kom eit tilskot på kr. 9,00 pr. m³ frå prisutjamningsfondet.

For å letta seinare pristinger og betra omsetnadstilhøva, gjorde kjøpar- og salsorganisasjonane ein avtale i april 1955 om kjøp og sal av tømmer og kubb. I samhøve med denne avtalen vart det semje om prisane for 1955—56, under den føresetnad at avgifts- og tilskotsordninga skulle falla bort. Dette vart ikkje godkjent av styremaktene, og etter vidare tingingar vart det i oktober 1955 fastsett maksimalprisar for tømmer og kubb. For Austlandet vart maksimalprisen for midtmålt grantømmer kr. 75,00 pr. m³. For toppmålt tømmer vart prisen kr. 87,60 for gran og kr. 84,60 for furu. Til dette kjem tilskot frå prisutjammingsfondet med kr. 8,50 pr. m³ for midtmålt grantømmer og kr. 10,00 for toppmålt tømmer. Avgifta som treforedlingsindustrien skal betala inn til utjammingsfondet, vart sett til kr. 18,00 pr. m³ fast mål og kr. 12,60 pr. m³ laust mål av norsk grantømmer og økseberkt grankubb.

Nye noteringsprisar for ved, fastsette av Norges Skogeierforbund, vart gjorde gjeldande frå 1. april 1955.

Tabell 56 gjev eit oversyn over tømmer- og vedprisane.

Tabell 56. Prisar for tømmer og ved.

	Basisprisar for tømmer, levert vassdrag på Austlandet. Kr. pr. m ³					Vedprisar Kr. pr. famn		
	Skurdømmer		Slip- og cellulosetømmer			Bjørk	Skogsved	
	Gran	Furu	Gran	Furu	Skurd- slip (fur)	60 cm	60 cm	3 m
1949—50....	47.00	46.50	41.50	36.00	39.50	68.00	55.00	211.00
1950—51....	73.00	67.50	64.50	54.50	58.00	68.00	55.00	211.00
1951—52....	81.50	81.50	70.00	65.00	68.00	90.00	70.00	270.00
1952—53....	78.00	78.00	67.00	59.00	65.00	100.00	80.00	310.00
1953—54....	78.00	75.00	67.00	55.00	65.00	90.00	72.00	279.00
1954—55....	90.60	87.60	79.00	61.00	73.50	90.00	72.00	279.00
1955—56....	97.60	94.60	83.50	69.00	80.00	105.00	80.00	310.00

Lønsavtalen i skogbruket vart sagt opp i juni 1955. Etter langvarige, men fåfengde tingingar, gjorde Stortinget vedtak om tvunga mekling, og den 2. desember 1955 fastsette lønsnemnda nye lønssatsar. Hogstprisane for tømmer vart auka med 5—6 prosent, og timelønt skogsarbeid med ca. 12 prosent.

Tabell 57. Prisar på kunstgjødsel og kraftfôr. Kroner pr. 100 kg.

	Kunstgjødsel			Kraftfôr			
	Kalk- salpeter 15,5 pct. N	Super- fosfat Norsk 7,4—7,9 pct. P	Kalium- gjødsel 31,5—34,9 pct. K	Fôr- blanding (ca. 50 pct. protein)	Maisgrøp	Ruggris	Sildmjøl (salt- fattig)
1949	14.45	11.15	15.80	37.59	32.00	22.50	36.28
1950	14.45	11.15	15.80	60.82	43.83	34.78	64.28
1951	16.00	11.30	19.35	71.69	55.80	41.00	77.20
1952	17.35	11.85	20.60	71.81	55.80	41.00	77.20
1953	17.35	11.85	20.60	70.00	55.80	41.00	77.20
1954	17.40	11.85	20.60	70.00	55.80	40.49	77.20
1955	16.90	12.10	20.70	67.50	55.80	36.90	77.20
1956	17.90	13.70	23.10

Prisnivået for produksjonsmiddel til jordbruket har vori stabilt dei siste åra. Indekstalet for produksjonsmiddel i alt etter indeksen frå Norges Landbruks-høgskole var 247 i 1955—56. Det var det same som året før. Talet for kunst-gjødsel, maskinar, bygningar og «ymse» har auka litt, medan talet for kraftfør syner litt nedgang. Prisane på kunstgjødsel og kraftfør var i 1955 framleis regulerte ved statstilskot. Tabell 57 syner prisane etter «Samvirke» (Felleskjøpet, Oslo).

Prisane på kunstgjødsel gjeld levering om våren. Om hausten er prisane noko lægre. I terminen 1955—56 var prisskilnaden større enn før. Prisen på kalksalpeter var kr. 15,10 pr. 100 kg i august 1955 mot kr. 15,80 i august 1954. Det var ubrigda prisar på dei fleste kraftførslaga, men prisane på ruggris og durra var noko lægre i 1955 enn året før.

For bruk med inntil 150 dekar dyrka jord er prisane for ei avgrensa kraftförmengd blitt reduserte ved tilbakebetaling. Sidan 1950—51, då denne skipnaden tok til, har satsen vori 10 øre pr. kg kraftfør. Om lag 20—25 mill. kroner av kraftførsubsidiene har årleg gått til slik tilbakebetaling. Frå 1. mai 1956 vart kraftførprisane auka, i samband med ny kraftförrordning.

Tabell 58 viser prisane på sume maskinar og reiskapar.

Tabell 58. Prisar på maskinar og reiskapar. Kroner.

	Norsk plog (11')	Fjørhorv (9 t.)	Slåmaskin (2 h.)	Arbeids- kjerre	Høvvogn
1939	176.00	92.00	420.00	175.00	280.00
1949	298.50	176.00	1 020.00	435.00	660.00
1950	298.50	176.00	1 173.00	435.00	660.00
1951	310.94	183.33	1 200.00	469.00	709.00
1952	347.00	214.50	1 200.00	520.00	709.00
1953	347.00	214.50	1 250.00	530.00	720.00
1954	347.00	214.50	1 200.00	530.00	720.00
1955	347.00	214.50	1 280.00	530.00	720.00

Det var noko prisauke på innførde maskinar, og i februar 1955 vart det lagt 10 prosent importavgift på traktorar og motorkøyretøy.

I 1954 var det 3 prosent auke i prisane på jordbrukseigedomar rekna etter medels skyldmarksverde. Året før var auken vel 17 prosent.

I mars 1955 gjorde Stortinget vedtak om ei ny jordlov. Etter denne lova får staten i visse høve rett til forkjøp eller ekspropriasjon av grunn og rettar. Lova har òg føresegner om fleirtalstiltak i sameige og sams tiltak i jord- og skogbruk.

Tabell 59 gjev eit oversyn over driftsresultata i jordbruket etter dei rekneskapane Norges Landbruksøkonomiske Institutt arbeider med.

Frå og med 1954 blir rekneskapsresultata rekna ut for kalenderåret. Dette er i samsvar med rekneskapsterminen for jordbruk som etter skattelova har rekneskaps- eller noteringsplikt.

Dei siste åra har instituttet hatt rekneskap frå ca. 1 000 bruk. Storleiken på bruken har i medel vori knapt 120 dekar. Både inntekter og kostnader har auka dei siste åra. Skilnaden mellom inntekter og kostnader — forrentinga — var vel 16 kroner pr. dekar i 1950—51. Det var vel 3 prosent av bokførd jord-

Tabell 59. Rekneskapsresultat i jordbruket.

År og storleiks-klassar	Talet på bruk	Inn-marks-areal, dekar pr. bruk	Jord-bruks-kapi-tal	Produk-sjons-inntekter	Kroner pr. dekar			For-renting	Løns-evne	For-renting i pct. av jord-bruks-kapi-talen		
					Drifts-kostnader		I alt	Av dette arbeids-kostnad				
					I alt	Av dette arbeids-kostnad						
1938—39	295	117.6	347	90.81	81.09	37.95	9.72	32.05	2.8			
1939—40	314	126.9	361	100.90	87.08	40.07	13.82	37.64	3.8			
1949—50	1 024	118.1	503	197.96	183.48	105.24	14.48	104.63	2.9			
1950—51	1 023	118.9	529	211.36	195.12	110.98	16.24	111.35	3.1			
1951—52	1 000	117.2	571	228.75	218.88	120.24	9.87	112.98	1.7			
1952—53	1 000	118.8	606	244.99	237.15	126.29	7.84	115.95	1.3			
1953—54	1 002	117.2	660	256.17	245.12	128.05	11.05	119.30	1.7			
1954	1 004	119.6	605	262.97	256.28	126.35	6.69	114.89	1.1			
1954 Gr. I	227	39.1	752	342.14	353.86	186.90	11.72	152.62	1.6			
» » II	365	72.7	623	277.86	268.41	132.77	9.45	123.53	1.5			
» » III	262	139.7	536	221.20	207.89	96.51	13.31	93.74	2.5			
» » IV	87	243.6	468	183.06	167.84	74.50	15.22	75.68	3.3			
» » V	51	380.2	442	172.90	156.52	66.05	16.38	69.17	3.7			
» » VI	12	625.0	476	186.32	162.65	68.96	23.67	78.35	5.0			

brukskapital. Seinare har forrentinga synt noko nedgang, og var kr. 6,69 eller 1,1 prosent av kapitalen i 1954.

Auken i driftskostnadene skriv seg for ein del frå større arbeidskostnader — som løn til leiehjelp og verdsetjing av arbeidet til familien. Lønsevna gjev eit uttrykk for samla vederlag for eige arbeid og leiehjelp. Lønsevna har auka i alt med ca. 10 prosent sidan 1949—50. Arbeidsstyrken rekna i timer har gått ned, og lønsevna pr. time har auka noko sterkare enn utrekninga pr. dekar syner.

Driftsresultatet ymsar sterkt med bruksstorleiken. Stort sett har dei minste brukta etter måten stor inntekt pr. dekar, men det er likevel ikkje nok til å dekkja utgiftene, når ein reknar vanleg dagløn for alt arbeid. Desse brukta har stor lønsevna pr. dekar, men lita lønsevna pr. time. Dei større brukta har mindre inntekt pr. dekar, men kostnadene er òg mindre. Forrentinga aukar med bruksstorleiken, og lønsevna — rekna pr. time — blir òg større.

I samband med tingingane om jordbruksprisane, har Budsjettmema for jordbruket gjort utrekningar over samla inntekter og utgifter for heile jordbruksnæringa. Prinsippa for utrekningane er dei same som dei Byrået nyttar når det set opp nasjonalrekneskapen. Totalrekneskapen skal i første rekke syna kva verd som er skapt i driftsåret av den arbeidskraft og kapital som er sette inn i jordbruket. Som kostnader reknar ein med verdet av varer og tenester frå andre næringssektorar og slitasje på varige driftsmiddel, som maskinar, reiskapar og driftsbygningiar. Den summen som då er att, kallar ein jordbruket sitt nettoprodukt. Som tillegg til nettoproduktet reknar ein visse statstilskot for å fremja produksjonen. Etter frådrag av kapitalrenta, kjem ein fram til vederlaget for all arbeidskraft som er sett inn i jordbruket. Hovudresultata (etter reviderte utrekningar) ser ein av tabell 60.

Tabell 60. Totalrekneskap for jordbruket.¹ Mill. kroner.

	1938–39	1939–40	1950–51	1951–52	1952–53	1953–54	1954–55
Inntekter av planteprodukt ...	104.7	125.5	337.6	349.9	369.1	381.2	447.9
Inntekter av husdyrprodukt ..	461.3	485.6	1 245.8	1 322.6	1 409.7	1 432.7	1 599.2
Andre inntekter	51.5	55.4	111.8	144.2	145.5	149.7	164.3
Lagerbrigde.....	46.9	÷ 15.1	3.9	÷ 93.7	3.5	26.4	8.1
I alt inntekter	664.4	651.4	1 699.1	1 723.0	1 927.8	1 990.0	2 219.5
Kostnader	310.9	313.7	665.0	740.2	820.7	838.1	896.4
Nettoprodukt	353.5	337.7	1 034.1	982.8	1 107.1	1 151.9	1 323.1
+ statstilskot	12.3	11.2	57.1	59.8	62.5	67.4	73.7
÷ renter av eigen og lånt kapital	97.4	101.8	127.2	131.8	141.2	144.3	156.3
Utrekna total arbeidsinntekt ..	268.4	247.1	964.0	910.8	1 028.4	1 075.0	1 240.5
Av inntektene:							
Sal av plante- og husdyrprodukt	418.2	442.0	1 177.1	1 245.1	1 356.7	1 392.7	1 603.2
Heimeforbruk av plante- og husdyrprodukt	136.3	158.1	370.8	386.7	383.3	372.7	401.2

¹ Pelsdyrnæringa er rekna med.

